



*Skodje kommune*

2018

Årsmelding

# Innhold

<b>1. FORORD</b> .....	2
1.1 Ordføreren har ordet.....	2
1.2 Rådmannen har ordet .....	3
<b>2. GENERELL DEL</b> .....	4
2.1 Internkontroll og heilskapleg styring.....	4
2.2 Organisasjonen 2018 .....	6
2.3 Evaluering av satsingsområda i kommuneplanen – handlingsdel.....	8
2.3.1 <i>Satsingsområde – Areal, samferdsel og næring</i> .....	8
2.3.2 <i>Satsingsområde – Barn og ungdom, folkehelse og frivillighet</i> .....	17
2.3.3 <i>Satsingsområde – kommuneorganisasjon</i> .....	23
<b>3. EININGANE</b> .....	36
3.1 Barnehage.....	36
3.2 Barneskule .....	40
3.3 Ungdomsskule .....	44
3.4 Kultur, folkehelse og frivillighet.....	47
3.5 Helse- og omsorgseininga.....	50
3.6 Prestemarka bu- og dagtilbod .....	54
3.7 Koordinerande eining .....	56
3.8 Eining for integrering og kvalifisering.....	57
3.9 Storfjorden barnevern .....	58
3.10 NAV Storfjorden – Skodje .....	61
3.11 Tekniske tenester .....	63
3.12 Sentraladministrasjonen .....	66
3.13 Interkommunale samarbeid .....	68

# 1. FORORD

## 1.1 Ordføreren har ordet

### **Vi er med og bygg regionen**

Skodjeområdet spelar ei viktig rolle i utviklinga av Ålesundsregionen i kraft av si sentrale plassering med gode buområder der unge vaksne gjerne slår seg til. Vi ser og at Digerneset og dei andre industriområda vekker stor interesse mellom utbuggarar og at talet på arbeidsplassar går opp i nærområdet vårt. Dette vil føre til endå større interesse for utbygging av bustader i kommunen. Vi merker og at nye Ålesund kommune har fått større gjennomslag i fylket. Ved å stå samla om å støtte utbygging av Nordøyvegen greidde vi å gje ei avgjerande støtte til prosjektet og sikre at planane vert realisert. Også på andre områder ser vi at nye Ålesund markerer seg. Til dømes gjennom samarbeid med FN sit Smart City program og samarbeidsavtale med NTNU. Dette er tiltak som vil løfte regionen og gjere det meir interessant å busette seg her for ungdommane våre som har teke høgare utdanning.

### **Breiband i heile kommunen**

Ei gledelig nyheit kom til krinsane i Skodje like før påske i 2019. Vi har fått inn tilbod på full utbygging av breiband innanfor dei økonomiske rammene som var sett av. Det betyr at Engesetdalen, Stavset og Steinset, Glomset og Brusdalen no får eit likeverdige tilbod på breiband. Dette veit vi er svært ettertrakta særleg blant barn og ungdom som treng det både til skularbeid og underhaldning.

### **Eit godt lokalmiljø**

I arbeidet med arealplan for Skodje har vi lagt vekt på vekst og utvikling av bustadområde og næring. Men dette må ikkje gå på bekostning av trivsel og naturmiljøet i kommunen. Vi sikrar mange grøne lungar, og vi prøver å legge til rette for ei fortetting rundt dei eksisterande sentra slik at dette skal gje grunnlag for godt og variert tenestetilbod i nærmiljøet. Tilgang til natur og friområdet er viktig og vi har i samband med oppgradering av vassleidning på Storsætra rusta opp stien til Frostatinden. Ved utbygging av krisevassforsyning på Fylling laga vi og til ein bade plass ved Fyllingvatnet, i gåavstand frå parkeringa ved Steinsetvegen. Vidare satsar vi på å oppgradere både lysløypa på Skodje og bygge ein gang- og sykkelsti frå Grindvika til Straumen i løpet av 2019.

### **Takk til dei tilsette i kommunen**

Eg veit at det har vore krevande tider og til dels stort arbeidspress på mange i samband med bygging av ny kommune, kombinert med den vanlige jobben. Politikarane har også kome med mange prosjekt ein vil ha gjennomført på toppen av dette. Dette opplever eg at dei tilsette har utført på ein framifrå måte, med godt humør og stor innsats. Det er og særleg gledelig at organisasjonen er lojal og har ein god budsjett disiplin og kontroll med ressursbruken. Dette bidreg til høg tillit mellom administrasjon og politikarar i Skodje Kommune.

***Dag Olav Tennfjord***

*Ordfører*

## 1.2 Rådmannen har ordet

### **På veg mot ei ny kommune**

Arbeidet med å etablere ein ny kommune er godt i gang. Dette har krevd ein betydeleg innsats frå Skodje kommune som organisasjon, både politisk og administrativt.

Fellesnemnda, som består av folkevalde frå Ørskog, Skodje, Haram, Sandøy og Ålesund har bygd vidare på, og konkretisert føringane som ligg i den felles politiske plattformen, intensjonsavtalen for nye Ålesund kommune.

Administrasjonen har stilt med ressursar i ei rekke prosjekt og arbeidsoppgåver. Prosessane rundt samordning og harmonisering har vore både spanande og engasjerande, men også arbeidskrevjande. Utviklingsprosessar er allereie starta på fleire område, og dei kjem til å bli tydelegare utover i 2019.

I startfasen av kommunereformprosessen såg ein nok føre seg at dei «gamle» kommunane ville bli reine driftsorganisasjonar med fokus på dei fortløpande driftsoppgåvene og på å gjennomføre tiltak som allereie var vedtatt. Slik har det ikkje vore. 2018 har vore prega av både store strategiske planprosessar med ny arealplan, utvikling av tenestene gjennom bygging av døgnbemanna omsorgsbustadar, og med oppstart av utbygging både på skule og barnehageområdet.

I årsmeldinga kjem det fram kva som var satsingsområde i 2018 og kva for tiltak som ha blitt gjennomført. Det kjem og fram kva for resultat som vart oppnådd knytt til økonomiområdet, medarbeidarområdet og samfunnsutviklingsområdet generelt.

I denne innleiinga vel eg å løfte fram dei to områda barn og unge, og helse og omsorg, for å synleggjere at Skodje kommune er ei kommune i utvikling samstundes som vi byggjer ei ny kommune.

### **Satsing på barn og unge**

I 2018 har vore eit år der barn- og unge har blitt satsa på gjennom blant anna ved flytting av ungdomsklubben til større lokale med eit meir variert tilbod. Eining for kultur, folkehelse og fivilligheit har koordinert arbeidet. Både frivillige og næringsliv har støtta kommunen i å realisere dette arbeidet, og det er imponerende å sjå kva som er mogeleg ved samarbeid.

Skodje barneskule skal utvidast, og prosessen starta i 2018. Midlertidige lokale skal på plass i byggjeperioden, og vi ser fram til ein prosess der skulen vert dimensjonert og tidriktig i forhold til tal på elevar og framtidens undervisningsmetodar.

Kommunestyret vedtok og å starte utviding av Valle barnehage og av Skodje ungdomskule. I tillegg skjer det ei oppgradering av uteområda i og rundt oppvekstområdet kring Gomerhuset. Dette betyr oppgradert leikaplass ved Skodje barnehage, og eit meir variert uteområde ved Skodje ungdomskulen.

Skulehelsetenesten har og blitt styrka gjennom auka kapasitet og kompetanse retta mot elevar i ungdomsalder.

### **Satsing på helse- og omsorg**

I 2018 etablerte Skodje kommune eit betre tilbod for demente. Det vart satsa både på kompetanse, bevisstgjerung i lokalsamfunnet, og på dagtilbod for heimebuande demente. Det vart og starta eit prosjekt for å utvikle oss innanfor kvardagsrehabilitering. Dette vil vi sjå meir av i tida framover.

Den største satsinga er likevel etableringa av døgnbemanna omsorgsleiligheter ved Ådalen Allé. Desse står klar til innflytting i mai 2019, og vil dekke behovet for dei som treng eit tilbod som er ein mellomting mellom å meistre å bu åleine, og det å trenge institusjonsplass. Dette er ei kvalitetsheving av det samla omsorgstilbodet i Skodje kommune der vi kan tilby innbyggjarane eit betre og meir tilpassa tilbod etter kvar enkelt sitt behov.

Samarbeid med frivillige er eit godt supplement til tenestane kommunen tilbyr i eigen regi. Det har blitt satsa på eit meir systematisk samarbeid frivillige lag og organisasjonar for å leggje til rette for positive tiltak og engasjement. Frivillige er ein uvurderleg ressurs i lokalsamfunnet, og bidreg til at både ungdom, nye landsmenn, eldre og andre innbyggjarar får tilbod om aktivitetar som bidreg til både god folkehelse og auka livskvalitet generelt. Takk til alle frivillige!

**Bente Glomset Vikhagen**

Rådmann

## 2. GENERELL DEL

### 2.1 Internkontroll og heilskapleg styring

Lov om kommuner og fylkeskommuner (frå no av kommunelova) §23 set krav om at rådmannen skal sørge for at kommunen er gjenstand for «trygg kontroll»:

*«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll»*

Kommunestyret vedtek mål og rammer. Rådmannen set i verk og har ansvar for å levere resultat.

God internkontroll krev at leiarar og medarbeidarar er gjort kjende med og har forstått kva for eit ansvar dei har og kva dei skal gjere. For å kunne syte for heilskapleg styring har Skodje kommune følgjande styringsdokument:

- Kommuneplan med ein eitt-årleg handlingsdel (handlingsprogram)
- Budsjett og økonomiplan
- Einingane sine eitt-årlege handlingsdel (handlingsprogram)
- Leiaravtalar (Ordførar-Rådmann, rådmann – einingsleiarar, einingsleiarar-mellomleiarar)
- Årsmelding

Den raude tråden i styringsdokumenta er satsingsområda i kommuneplanen:

1. Areal, samferdsel og næring

2. Barn, unge, frivilligheit og folkehelse
3. Kommuneorganisasjon (medarbeidarar, tenestemottakarar, økonomi, samspel politikk og administrasjon)


Kvart av satsingsområda har mål, samt «Skodje vil», og «slik gjer vi det».

Verktøy som vert nytta til evaluering og analysar er:

- ROS-analysar
- KOSTRA statistikk
- Medarbeidarkartleggingar
- Faste rapporteringar på økonomi, sjukefråver m.m.
- Leiaravtalar (resultat og utviklingsavtalar)
- Kvalitetssamtalar mellom einingane og rådmann

I tillegg til internkontrollrutinar og system for mål- og resultatstyring, er møteplassar for dialog og læring avgjerande i arbeidet med å sikre ei målretta og kostnadseffektiv drift. Dette omhandlar møteplassar mellom tilsette i organisasjonen, med tenestemottakarar, og mellom administrasjonen og politikarar, til dømes strategimøte med kommunestyret. Desse møteplassane skal nyttast til å spreie kunnskap og informasjon på ein måte som fører til læring og utvikling. I tillegg skal dei sikre medverknad som gjev legitimitet til prosessar og vedtak som har konsekvensar for tilsette og innbyggjarar i kommunen.

**Fig. 1: Årshjul for internkontroll og heilskapleg styring**



## 2.2 Organisasjonen 2018

Rådmannsteamet sikrar dei overordna samanhengane og koordineringsbehovet mellom einingane og fagområda.

I 2018 ble rådmannsteamet utvida for å betre ivareta strategisk arbeid innanfor to store område; digitalisering og samfunns- og arealplanlegging.


I tillegg påverka arbeidet med å bygge nye Ålesund kommune, arbeidsfordelinga og samansettinga av rådmannsteamet i 2018. 1.april 2018 starta rådmann Bente Vikhagen i stilling i prosjektorganisasjon for nye Ålesund kommune og assisterande rådmann Kristian Skålhamn vart konstituert rådmann frå same dato. Då Skålhamn slutta i stillinga si i Skodje kommune 13.juni 2018 vart Malin Piegsa tilsett som assisterande rådmann, og Bente Vikhagen kom tilbake som rådmann i 30 % stilling. Per Løkkeborg vart frå same dato tilsett i eit engasjement som kommunalsjef for helse- og omsorg i 50 % stilling.

Som ei følge av endra arbeidsfordeling i rådmannsteamet vart det gjort endringar i einingsstrukturen frå 13.juni 2018. Eining for integrering og kvalifisering (EIK) vart lagt inn under Koordinerande eining (KE) og avdelingsleiar for stab-støtte fikk tildelt ansvar og mynde på einingsleiarnivå.

**Fig. 2: Organisering – Rådmannsteamet**



**Fig. 3: Organisering – Ytre einingar**



Einingsleiar ved kvar eining har sjølvstendig resultatansvar for si eining. Einingsleiarar rapporterer direkte til rådmannen.

- Einingsleiar for helseeininga har koordinerande fagansvar for helse- og omsorgstenesta
- Einingsleiar for Skodje barnehage har koordinerande fagansvar innafor barnehagetenesta
- Einingsleiar for Skodje ungdomsskule har til 01.11.2018 hatt koordinerande fagansvar for skuletenesta

**Fig. 4: Stab/støtte for heile organisasjonen, lokalisert på rådhuset**






Fig. 5: Økonomiavdelinga, lokalisert på rådhuset



## 2.3 Evaluering av satsingsområda i kommuneplanen – handlingsdel

Skodje kommunestyre vedtok handlingsdel for 2018 som ein del av budsjett og økonomiplan for 2018-2021.

I kolonna til høgre i handlingsdelen «Kva har vi gjort», syner vi til døme på tiltak og prosjekt som skal bidra til å nå overordna mål. Vidare vert det vist til statistikk og data som kan relaterast til satsingsområdet. All statestikk er ikkje kommentert spesifikt.

Skodje kommune er inne i ein fase kor ein skal drifte kommunen og samstundes bygge nye Ålesund kommune. Dette er krevjande ressursmessig og rådmannen ser det som avgjerande at ein prioriterer sterkt kva tiltak og satsingar ein tek til med, og at desse i stor grad må ha overføringsverdi til nye Ålesund kommune.

### 2.3.1 Satsingsområde – Areal, samferdsel og næring

**Mål:**

*Skodje kommune skal innanfor naudsynte miljøkrav arbeide for ei trygg og berekraftig forvaltning av arealressursane i heile kommunen*

*Skodje kommune skal bidra til betre infrastruktur i alle delar av kommunen og trygg ferdsel for alle*

*Skodje kommune er ein tilretteleggar og medspelar, og bidreg til vekst i næringsutviklinga*

Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
<p>Skodje vil ha auka verdiskaping og sysselsetjing for alle i ei mangfald av næringar</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Systematisk marknadsføring av gode gode næringsområde ovanfor aktuelle næringsaktørar.</li> <li>➤ Systematisk samarbeid med Skodje næringslag</li> <li>➤ Skodje kommune bør utarbeide ein strategisk næringsplan i eit samarbeid med andre kommunar i regionen.</li> <li>➤ Sikre jord- og skogbruksinteressene føreseielege tilhøve og medverknad i planprosessar.</li> </ul>	<p>Gjennom arrangement i Næringslaget og oppslag media har Skodje vore positivt synleg</p> <p>Arbeide med strategisk næringsplan er ikkje prioritert i 2018 grunna kommunereforma.</p> <p>Skodje og Ørskog næringslag har samarbeidd i perioden, og saman etablert ei felles næringsforening.</p> <p>Næringsforeninga har vore involvert i arbeidet med kommuneplanen sin overordna arealdel.</p> <p>Det er gjennom arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel, i samarbeid med politiske arbeidsgruppe, lagt opp til ein prosess med involvering og brei høyring frå alle partar inkl. primærnæringsane</p>
<p>Skodje vil ha ein sterk entreprenørskapskultur og legge til rette for gründerar og nyskaping</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Synleggjere HOP- ID kontor og kommunen sitt næringsfond for å stimulere entreprenørskap og nyskaping</li> <li>➤ Videreføre programmet Ungt entreprenørskap i skulen.</li> <li>➤ Arbeide for auka innovasjon i offentleg sektor og samspel om nyskaping i næringslivet.</li> <li>➤ Stimulere til samfunnsentreprenørskap i lag og organisasjonar. Kommunen skal bidra til å skape møteplassar mellom næringsliv, kommunen og andre aktuelle partar.</li> </ul>	<p>Informasjon om HOPP ID – kontor og næringsfondet er publisert på heimeside og i sosiale media. Dei har delteke på fleire arrangement i regi av Skodje næringslag</p> <p>I Ungt Entreprenørskap (UE) justerer ein opplegget knytt til alder i tilråding med UE</p> <p>Innovasjon i offentleg sektor har vorte løfta fram av Skodje i kommunereformarbeidet. Skodje deltek i prosjekt knytt til utvikling og bruk av velferdsteknologi</p> <p>Ungdomsskulen gjennomførte «innovasjonscam» og fekk andreplass under regionfinalen</p> <p>Vi held fram med UE-programma «På kryss og tvers gjennom Europa» og «Vårt lokalsamfunn»</p>
<p>Skodje skal vere ein attraktiv</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Legge til rette for heilskapleg og</li> </ul>	<p>Medlemskapet i destinasjon</p>

Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
og opplevingsfylt reiselivsdestinasjon.	<p>koordinert marknadsføring av Skodje kommune gjennom medlemskap i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Marknadsføre Skodje som kultur- og friluftslivskommune, og arbeide for aktivitetar og opplevingar i tråd med dette.</li> </ul>	<p>Ålesund og Sunnmøre er vidareført.</p> <p>Vi marknadsfører eigne turistverksemdar i samband med kurs og konferansar. Vi støttar utvikling av nye turstiar og løyper i samarbeid med frivillige lag og med støtte frå Friluftsrådet. Skodje har stor tilstrøyming av innbyggjarar frå heile regionen. Kommunen har større utfartsområder som nyttast til ski, sykkel og fotturar samt båtliv og vert oppfatta som ein attraktiv friluftskommune.</p> <p>Skulen har for første gong hatt tilbod om valfaget «Levande kulturarv»</p>
Skodje vil ha eit aktivt eigarskap i kommunale/interkommunale selskap og samarbeid.	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Utarbeide eigarskapsmelding/ eigarskapsstrategi i samarbeid med dei andre kommunane i nye Ålesund kommune</li> </ul>	<p>I samband med kommunesamanslåinga har ein gått gjennom og kartlagt alt eigarskap i kommunen og er i prosess med å sjå på korleis dette bør organiserast i ny kommune.</p>
Skodje vil ha eit <b>godt omdømme</b> lokalt, regionalt og nasjonalt. Som attraktiv kommune vil Skodje oppfattast som aktiv, framtidsretta, inkluderande og omsorgsfull.	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Kommunen skal vere eit attraktivt samfunn med eit inkluderande miljø som bidreg til å utvikle og rekruttere talent og høg kompetanse.</li> <li>➤ Gi innbygjarane stoltheit overfor kvarandre, bedrifter og kommunen/Skodjesamfunnet. Vere pådrivar for utvikling og «vi»-kjensle i regionen.</li> </ul>	<p>Skodje kommune har hatt fokus på å vere open, aktiv og godt synleg i sosiale media. Ein deler informasjon og historier som viser dei gode sidene av kommunen. Vi lyttar til innspel og tek innbyggjarane på alvor. Vi har oppretta ungdomsklubb som sosialt lågterskeltilbod.</p> <p>Vi brukar aktivt kommunen si medarbeidarside på Facebook</p>
Skodje vil vere eit <b>knutepunkt for kommunikasjon</b> i Møre og Romsdal og ha gode løysningar for kollektivtrafikk, infrastruktur og logistikk.	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Arbeide for styrking av Digerneset som kommunikasjonsknutepunkt</li> <li>➤ Gjennom tett samarbeid med utbyggjarar på Digernes sikre betre trafikkforhold for fotgjengarar og syklistar.</li> <li>➤ Arbeide for gode fasilitetar på Digernes som gjer det attraktivt å reise kollektivt (parkering, ventefasilitetar og effektive ruter til</li> </ul>	<p>I samband med Region Ålesund har ein hatt dialog med Samferdselavdlinga i fylket om kollektivtilbod og ein har kome med fleire idear og innspel.</p> <p>Arbeidet med å få på plass ein samordna klima, areal og transportplan for Region Ålesund</p>

Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
	<p>videre knutepunkt som Moa, sjukehus, Campus, sentrum og flyplass)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Påverke fylkeskommunen til å oppgradere skulekort til ungdomskort</li> <li>➤ Arbeide for Sunnmøre som felles bu- og arbeidsmarknadsregion gjennom gode kommunikasjonar, både Møreaksen/Ferjefri E39, eksportvegen E136 og Storfjordsambandet.</li> <li>➤ Arbeide for å realisere Storfjordsambandet som vil bidra til å knyte større del av regionen saman og redusere trafikk- og miljøbelastninga på strekninga Valle-Glomset. Ny veg frå Blindheim via Magerholm til Digernes vil styrke Storfjordsambandet og redusere faren for forureining av Brusdalsvatnet betydeleg.</li> <li>➤ Arbeide for realisering av lyntog i fleirbrukskonsept til Møre og Romsdal, samt sikre areal til stasjon og trase gjennom Skodje.</li> <li>➤ Legge nullvisjonen til grunn for transportplanlegging og trafikktryggingarbeidet.</li> <li>➤ Styrke digital infrastruktur internt i kommunen, samt til og frå Skodje.</li> </ul>	<p>er starta opp i 2018.</p> <p>Det er eit tett samarbeid med utbyggjarar og andre interessenter for å sikre interessene til mjuke trafikantar.</p> <p>Vi har arbeidd systematisk for å sikre støtte for synet på beste traseval for E-39 og fremma argument for denne aksen.</p> <p>Utgreidd alternative lineføringar for ny veg Digernes – Storfjordsambandet, som del av kommuneplanarbeidet</p> <p>Skodje kommune er medlem i Lyntogforum M&amp;R. Det er vidare avklart moglege lineføringar for lyntog gjennom Skodje, som del av kommuneplanarbeidet</p> <p>Det er starta opp mål- og startegiarbeid i regi av Nye Ålesund kommune, der FN sine berekraftsmål ligg til grunn.</p> <p>Skodje kommune har gjennom arbeidet med nye Ålesund kommune fått inn midlar til utbygging av breiband også der det ikkje er kommersielt lønsamt</p>
<p>Skodje vil at aktivitetane våre skal skje innanfor naturens bereevne, i eit reint og triveleg miljø og med god beredskap for klimaendringar og uønskte hendingar.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Medverke til at det vert starta eit arbeid med felles areal, transpot- og klimaplan i samarbeid med andre kommunar i regionen?</li> <li>➤ Synleggjere ei klimavennleg haldning gjennom faste aktivitetar: Delta på WWF sin årlege aksjon Earth Hour i mars, der vi slår av straumen i ein time og oppmodar innbyggjarar og næringsliv til å delta Delta på HoldNorgeRent sin årlege strandryddeaksjon(landsomfattande miljøaksjon der vi ryddar alle våre strender for plast og søppel)</li> <li>➤ Arbeide for reduserte klimagassutslepp lokalt gjennom energisparing og auka bruk av fornybar energi til oppvarming og transport. Bidra til miljømedvit og reine og ryddige nærmiljø der alle tek</li> </ul>	<p>Arbeidet med felles klima, areal, og transportplan er i gang. Planarbeidet vert styrt gjennom ein partnerskapsavtale og eit forpliktande samarbeid mellom Statens vegvesen, Møre og Romsdal fylkeskommune og kommunane i Region Ålesund.</p> <p>Kommunen har oppfordra innbyggjarane til deltaking i «Earth hour».</p> <p>Skodje kommune er aktiv og innbyggjarane er engasjert i Strandryddedagane. Nasjonal sending på NRK under</p>

Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
	<p>ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Arbeide for redusert sårbarheit for klimaendringar og uønskte hendingar gjennom gode analyser og planlegging.</li> <li>➤ Revidere og harmonisere lokalt beredskapplanverk generelt, og opp mot planane som no er utarbeida i samarbeid med andre kommunar knytt til fjellskred spesielt.</li> </ul>	<p>strandryddeaksjon 3.mai 2018.</p> <p>Fokus på å auke i bruken av EHF faktura (85 %) for å spare papir.</p> <p>Det er utarbeidd Heilskapleg ROS – analyse og øvrig beredskapsplanverk er oppdatert. Planarbeidet vart ferdigstilt 1. kvartal 2018. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunen innanfor området, og det vart ikkje registrert avvik.</p> <p>Kommunen har eit kontinuerleg fokus på ENØK – tiltak.</p>
<p>Skodje vil ha bustader for alle i <b>gode buområde</b> og at butilhøva skal fremje velferd og samfunnsdeltaking.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Kommunen skal stimulere til at det vert bygd fleire bustader med universell utforming og bustader tilpassa ulike husstandstypar.</li> <li>➤ Sikre at utvikling av nye bustadfelt som legg til rette for god utnytting av eksisterande infrastruktur, herundar veg- og vass- og avlaupsnett samt auka kollektivandel gjennom fortetting i eksisterande tettstadar.</li> <li>➤ Kommunen skal gjennomføre analyser av barnehage- og skulekapaistet, samt andre velferdstenester før utbygging av bustadområde.</li> <li>➤ Stadanalyse for Skodje sentrum skal rullerast</li> </ul>	<p>Kommunen samarbeider, gjennom plan- og byggesakshandsaminga, med private aktørar om tilrettelegging av gode bu- og oppvekstområder i samsvar med overordna plan.</p> <p>Legg til rette for gode bu- og oppvekstmiljø, og eit differensiert bustadtilbod.</p> <p>Det har vore utarbeidd stadanalyse og moglegheitsstudiar knytt til kommuneplanarbeidet.</p> <p>Det er gjennomført analyse av skulekapasitet ved grunnskulen</p>



Foto: Skodje Fotoklubb - Skodjebygda i vintersol

### **Aktuell statistikk og indikatorar for satsingsområdet**

Tilgangen til arbeidsmarknaden i Ålesund og omlandet gjer Skodje attraktiv som bustadkommune. Vi har i mange år vore ein kommune i sterkt vekst, men veksten har avteke noko dei siste åra.

Innbyggjarane i Skodje sitt pendlarmønster definerer oss som integrerte i Ålesund. Ålesund kommune er ein naturleg del av våre innbyggjarar sin kvardagsregion.

Skodje kommune har tradisjonelt vore bukommune med høg utpendling. Utviklinga no syner likevel at vi hatt ei god utvikling av nye arbeidsplassar innafør kommunegrensene og vi ser at stadig fleire pendlar inn til Skodje kommune.

Skodje kommune har ein større andel born og unge, og ein mindre andel vaksne over 67 år, sett i høve fylket og resten av landet. Ei ung befolkning medfører press på det offentlege tenestetilbodet som barnehage, skule, helsestasjon m.m, i tillegg til arealbruken, offentleg infrastruktur og samferdsel.

Bustadbygginga i Skodje har over fleire over vore jamt høg. Talet varierer litt frå år til år og går som regel i takt med nye tomtefelt som vert lagt ut. Det er 43 nye bustadar som er teke i bruk i 2018.

Skodje kommune kjem godt ut, samanlikna med dei andre kommunane i fylket, om ein ser på andelen kvinner blant dei unge vaksne i kommunen.

Folketalspyramide, 2000 og 2018



Utdanningsnivået i Skodje kommune har stige dei seinare åra. Vi ser at talet på gjennomført Vidaregåande skule er no 80 %, og det er over fylket på 76 % og landet på 74.4 %.

Under finner du fleire aktuelle tal knytt til befolkningsvekst, alderssamansetning, pendlarmønster, arbeidsledigheit og befolkningsendring, fakta og utvikling. For ytterlegare statistikk sjå:


<http://fylkesstatistikk.mrfylke.no/2018/>

**Utdrag av nøkkeltal som er henta frå KOSTRA:**

Fig. 6: Innbyggjartal 2016 – 2018



## Innbyggjartal



## Forventet levealder for nyfødte i fylket



Fig. 7: Endringer i befolkninga 2018

## Endringer i befolkningen





Fig. 8: Forventa befolkningsutvikling





**Fig. 9: Personar med innvandringsbakgrunn i Skodje kommune 2018 (utvalgte land)**



**Fig. 10: Aldersfordeling i Skodje kommune**




Fig. 11: Arbeidsløyse % av arbeidsstokken pr.august 2018(pr.aug.2018)

SKODJE	FYLKET	LANDET
1,7	2.5	2.4

### 2.3.2 Satsingsområde – Barn og ungdom, folkehelse og frivillighet

**Mål:**

Skodje kommune skal vere ein pådrivar for at barn og unge skal ha eit trygt, sunt og inkluderande oppvekstmiljø som gjev dei høve til å oppleve meistring og utvikle den einskilde sine evner og interesser.

Skodje kommune skal vere ein pådrivar i folkehelsearbeidet, og legg til rette for at innbyggjarane kan meistre eigne liv, ta ansvar for eiga helse, kjenne seg trygge, inkluderte og verdsette i lokalsamfunnet.

Skodje kommune skal vere ein medspelar og tilretteleggjar for frivillig arbeid og eit breitt kulturtilbod, og vil arbeide for at frivillige lag og organisasjonar skal vere berekraftige og offensive aktørar i sine lokalsamfunn og nå breitt ut til befolkninga.

Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
Skodje vil vere eit <b>ope, tilgjengeleg og inkluderande samfunn</b> der vi tek vare på kvarandre og har dei beste oppvekstvillkåra for born og unge.	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Arbeide for møteplassar og aktiviteter som samlar innbyggjarane og skaper tilhøyrse og fellesskap i eit mangfaldig Skodje.</li> <li>➤ Arbeide for eit universelt utforma Skodje og sikre gode tilbod til barn og unge med nedsatt fysisk eller psykisk funksjonsevne.</li> <li>➤ Støtte og bidra til gode vilkår for frivillig innsats, lag og foreiningar.</li> <li>➤ Legge til rette for trygge buområde med god trafikktryggleik og nærleik til viktige daglege funksjonar.</li> <li>➤ Legge til rette for eit heilskapleg og målretta introduksjonsprogram for flyktningar, som kan vere med å sikre at flyktningane kjem seg i utdanning og arbeid.</li> <li>➤ Opprette stilling organisert i NAV som arbeider for aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar, samt god overgang frå introduksjonsprogram til arbeid for flyktningar</li> <li>➤ Det skal opprettast ein ad-hoc komité/ oppgåveutval som ser på korleis Skodje kommune skal vere ei inkluderande kommune for framandspråklege</li> </ul>	<p>Ungdomsklubben opna i nye lokaler i desember</p> <p>Fjellvegen er utbetra i samarbeid med med idretts og velforeininga i Utvikbygda og Brusdal</p> <p>Alle prosjekt kommunen er involvert i skal ha fokus på universiell utforming</p> <p>Oppretta oppgåveutval for frivillighet. Folkemøte i mars med gode innspel. Konkrete tiltak utarbeidd saman med referansegruppe</p> <p>Kommunen har status som frivilligsentral</p> <p>Vi tek imot praktikantar og studentar. I tillegg har vi lagt til rette for fleire språk- og arbeidspraksisplassar knytt til flyktningar</p>

		<p>Vi deltek i felles satsing på inkluderande barnehage og skulemiljø</p> <p>Set naudsynnte krav til alle aktørar og utbyggerar i plan- og utbyggingssaker</p> <p>Gjennom den forsterka språkopplæringa (GNO) for elevar med flyktningsbakgrunn, bidreg skulen til at elevane raskast mogleg greier å få læringsutbytte i skulen</p> <p>Stillinga knytt til arbeid med aktivitetsplikt for personar under 30 år som går på sosialhjelp, har bidrege med at nesten alle ungdommar no har ein aktivitet. Stillinga har også arbeida opp flyktningar.</p>
<p>Involvere innbyggjarane i lokalsamfunnsutviklinga</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Skodje kommune skal, i samarbeid med frivilligheita, utarbeide ein strategi for samarbeid mellom kommune og frivilligheit</li> <li>➤ Ulike grupper skal høyrast og involverast i arealplansaker gjennom barnerepresentantordninga og dei kommunale råda. Kommunen bør nytte t.d. Barnetråkk og utvida medverknadsoppleg i større saker.</li> <li>➤ Kommunen skal utvikle kultur og gode strategiar/metodar for innbyggjarmedverknad.</li> <li>➤ Lokaldemokratiet skal vere eit viktig tema i elevrådsarbeidet ved skulane. Gjennom praktisk erfaring skal elevane lære korleis dei deltek i lokaldemokratiske avgjerdsprosessar.</li> </ul>	<p>Det er lagt til rette for medverknad i samband med planer og prosjekt som vedkjem elevar, ungdomsråd, frivillige organisasjonar, innbyggjarar elles og tilsette</p> <p>Eining for integrering og kvalifisering har teke i bruk «Nyby» som digital samhandlingsplattform</p> <p>Folkehelsekoordinator er kommunen sin barnerepresentant</p> <p>Nytt tenestetilbod for menneske med demens vart utvikla saman med pårørande, politikarar, administrasjon og tilsette</p>
<p>Våre <b>barnehagar</b> skal vere gode, trygge og utviklande arenaer for omsorg, leik og læring</p> <p>Skodje vil ha ein <b>grunnskule</b> som gir alle elevar best mogleg utgangspunkt for vidare læring og arbeid</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Sikre godt pedagogisk innhald og tilsette med barnehagefagleg kompetanse</li> <li>➤ Sikre gode overgangar mellom barnehage og skule</li> <li>➤ Barnevern, helsesøsterfunksjon og psykiatrisk sjukepleiarfunksjon må styrkast og det må utviklast faste former for kunnskapsoverføring frå desse til tilsette i barnehage og skule og heim. Styrke helsesøsterfunksjon i tilknytning til skule</li> <li>➤ Sikre godt læringsmiljø og god kompetanse hos lærarane.</li> </ul>	<p>Barnehagane er inne i ulike prosjekt for å sikre kompetanseheving</p> <p>Gjennom samarbeid med «Mitt liv» og Forandningsfabrikken, har barn og unge har vorte utfordra til å vere meir deltakande i eiga barnevernsak</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Skape ein mobbefri skule og oppvekst i Skodje gjennom samarbeid skule-heim, frivillege lag/organisasjonar og ved å vere MOT-kommune</li> <li>➤ Ta i bruk heilskapleg program frå barnehage til ungdomskule for førebygging av mobbing</li> <li>➤ Skape forum for samhandling, samarbeid om utviklingsarbeid i barnehagar og skular, både kommunale og private.</li> <li>➤ Satse på tidleg innsats for born med særskilde behov, god klasseleiing og tett dialog mellom skuleeigar og skuleleiing der arbeid kring dette er tema</li> </ul>	<p>Revitalisering av ICDP som allment helsefremmande og førebyggjande metode i omsorg for barn</p> <p>Tilby familieråd rundt barn i alle livssituasjonar</p> <p>Tverrfagleg førebyggjande arbeid (TTI) vert nytta aktivt som eit lågterskeltilbod for barnehagar og familier med barn i førskulealder</p> <p>Det treårige utviklingsarbeidet Ringar i vatn (2016-18) er teamet i barnehagen i eit folkehelseperspektiv; Psykisk helse, fysisk aktivitet og ernæring/kosthald. Her er alle tilsette involvert.</p> <p>Det vart tilsett helsesøster i 60 % stilling for å styrke arbeidet med psykisk helse i skulen</p> <p>Vi deltek i satsinga «inkluderande barnehage- og skulemiljø»</p> <p>Vi held fram med arbeidet knytt til MOT</p> <p>Innført system for forvaltning, drift og vedlikehald på formålsbygg, inkl. barnehage og andre bygg</p> <p>Haldt fokus på gode løysningar for gåande/syklende og trygg skuleveg gjennom planarbeid og i samband med utnygging av nye bustadområder</p> <p>Utarbeidd trafikkanalyse for del av Skodje sentrum, FV 661, skule- og</p>
--	---	---

		<p>barnehageområde m.m, som grunnlag for oppstarta detalreguleringsarbeid.</p> <p>Det er haldt to møter i poltirådet (Ørskog, Stordal og Skodje kommune)</p>
<p>Skodje vil kjenneteiknast av <b>god folkehelse</b> og aktivitetar som fremja helse for alle i eit førebyggjande perspektiv</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Prioritere nærmiljøanlegg for born og unge og vidareutvikle turløyper, ski- og lysløyper, badeplassar og friluftsområder som lavterskelarenaer for fysisk aktivitet.</li> <li>➤ Lage behovsanalyse for parkeringsplassar i tilknytning til friluftslivsområde i samarbeid med friviljuge.</li> <li>➤ Fremje folkehelse som tema i alle verksemdene til kommunen og all kommunal planlegging (sjå vedlegg - handlingsprogram for folkehelsearbeid i Skodje kommune)</li> <li>➤ Utvikle Svartløkområdet/ Solnørvasdraget til eit regionalt friluftslivsområde i samarbeid med Sunnmøre Friluftsråd, berørte grunneigarar og kommunar.</li> <li>➤ Arbeide for at innbyggjarane får betre tilgang til sjø og vatn, og utarbeide retningslinjer for bruk av strandsona i samarbeid med grunneigarane. Støtte arbeidet i Sunnmøre Friluftsråd med å etablere ein kystsoneplan.</li> <li>➤ Prioritere gåande og syklande i utbyggingar, samt arbeide for trinnvis utbygging av samanhengande sykkelstiar rundt Skodjevika og mellom bygdelaga.</li> <li>➤ Prioritere trygg gang- og sykkelveg til alle skular.</li> <li>➤ Samarbeide med friviljuge lag og foreiningar om aktivitetar som fremjer folkehelsa.</li> </ul>	<p>Det vart arbeidd fram 10 nærmiljøanlegg i perioden, og her både fellesprosjekt i regi av lag og organisasjonar, grunneigarar og kommunen sine egne prosjekt. Av desse kan nemnast etablering av ballbinge Brusdal skule, ny turveg frå Valle til Glomset. Tursti Høgsætra – Svartevatnet, etablering av parkeringsplass ved Håhjem friluftslivsområde og utlegging av flytebrygge ved Skodje Dampskipskai</p> <p>Badeplassen på Fylling er rusta opp i samband med prosjekt krisevassforsyning</p> <p>Prosjekt opning av Ådalselva inkl. tursti er fullført i perioden.</p> <p>Tett samarbeid med frivilligheita på mange område</p> <p>Fokus på «Fordeldre i Norge», der barnevern, flyktingtenesta(EIK), Rus og psykiatriteam(ROP) og helstasjonen involverast direkte i introduksjonsprogrammet for flyktningar</p> <p>Stikk-ut turane har stor suksess</p> <p>Vi gjev frivillige lag tilgang til <i>Tilskotsportalen</i> og følgjer opp førespurnadar med hjelp og støtte</p>

<p>Skodje vil ha gode og effektive helse- og omsorgstenester av høg kvalitet.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Arbeide for ein framtidsretta og berekraftig struktur på tenestene gjennom effektiv ressursutnytting, attraktive arbeidsplassar og naudsynt kompetanse.</li> <li>➤ Rus/psykiatri-team skal etablerast.</li> <li>➤ Rullere ruspolitisk handlingsplan.</li> <li>➤ Setje i verk tiltak som gjer Skodje til ei demensvenleg kommune.</li> <li>➤ Habilitering og rehabilitering skal vere sentralt i tenestetilbodet.</li> <li>➤ Velferdsteknologi skal takast i bruk som ein del av normaltilbodet.</li> <li>➤ Med fokus på kvardagsmeistring og det å kunne bu i eigen bustad så lenge som råd, tilby heimebesøk for å vurdere førebyggjande og avhjelpande tiltak.</li> <li>➤ Rett nivå og omfang på institusjonsplassar og omsorgsbustader. Dette inneber at vi må bygge fleire bustader med heildøgnsbemanning og at veksten i omsorg i første omgang må takast ved å auke kapasiteten i heimetenestene og dagaktivitetstilboda.</li> <li>➤ Samhandle og arbeide for best og nærast moglege spesialisthelsetenester for innbyggjarane i Skodje, samt godt tilgjengeleg legevakt.</li> </ul>	<p>Utbyggingsprosjekt for døgnbemanna omsorgsbustader, Ådalen allé, er i slutfase.</p> <p>Rus og psykiatriteam (ROP) er etablert</p> <p>Ruspolitisk plan vart vedteken i kommunestyret i august 2018</p> <p>Vi nyttar velferdsteknologi der dette er formålstenleg</p> <p>Det vart etablert demenskoordinator og ein er i gong med å utvikle eit tilbod for demente</p> <p>Prosjekt kvardagsrehabilitering starta opp i 2018 med prosjektleiar i 50 % stilling løna av prosjektmidler fram til 31.12.2019.</p>
<p>Skodje vil ha eit mangfaldig og aktivt idretts- og kulturliv med kulturuttrykk gjennom heile året i heile kommunen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Skodje kommune skal utarbeide ein strategi for samarbeid mellom kommunen og frivilligheit.</li> <li>➤ Ta vare på og vidareutvikle våre gode kultur- og idrettsarenaer og møteplassar.</li> <li>➤ Vidareutvikle biblioteket til ein uavhengig møteplass og ein arena for offentleg samtale og debatt.</li> <li>➤ Føre oversikt og ta vare på våre kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap frå vår historie gjennom kulturminneplanen.</li> </ul>	<p>Biblioteka vert nytta aktivt av barnehagane og skulane</p> <p>Vi deltek i kultursekken for barnehage, og alle barnehagebarn over 3 år har fått to besøk av profesjonelle kulturaktørar i sin barnehage</p> <p>Tema kulturminne er omhandla i kommuneplanarbeidet, og viktige område/minne er hensyntatt med omsynsone og bestemmelsar.</p> <p>Tett samarbeid med frivillege lag og organisasjonar i ulike saker og rundt fleire arrangement</p> <p>Utvida stilling til kulturhus- og ungdomskontakt frå 50 til 75 %</p>

### **Aktuell statistikk og indikatorar for satsingsområdet**

Målet med folkehelsearbeidet er fleire leveår med god helse for den einskilde, og reduserte sosiale helseforskjellar i befolkninga. Det viktigaste arbeidet med folkehelse skjer i lokalsamfunna der vi lever våre liv. Det er der vi legg grunnlaget for helse. Vi må tenke breitt når vi skal arbeide med folkehelse. Mange sektorar og aktørar, offentlege og private, må arbeide saman.

Kommunen skal fremje folkehelse innan dei oppgåver og med dei virkemiddel kommunen har, herunder gjennom lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kommunen skal vidare medverke til at helsemessige omsyn blir ivaretatt av andre myndigheiter og verksemdar. Medverknad skal skje til dømes gjennom råd, uttalar, samarbeid og deltaking i planlegginga. Kommunen skal legge til rette for samarbeid med frivillig sektor. Kommunar og fylkeskommunar skal til ein kvar tid ha oversikt over folkehelsa. Oversikta skal dokumenterast på ein hensiktsmessig måte, og som en del av den ordinære verksemda.

Folkehelseinstituttert utarbeider kvart år ein folkehelseprofil for kvar kommune. Dette er eit bidrag til kommunane sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og faktorar som påverkar denne.

I lenkja under finn du oversikt over nøkkeltal for Skodje kommune, samanlikna med landet.

<https://www.skodje.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MId1=4&FillId=5648>




*Foto: Oskar Pedersen*

### 2.3.3 Satsingsområde – kommuneorganisasjon

Satsingsområda under kommuneorganisasjon er delt inn i fire fokusområde.

**Fig. 12: Fire fokusområde under kommuneorganisasjonen**



**Mål:**

Skodje kommune skal ha ein berekraftig økonomi, støtte opp om god samfunnsutvikling, ha motiverte medarbeidarar og politikarar som arbeider saman mot felles mål, og leverer gode tenester innanfor gitte rammer. Organisasjonen skal ha god kompetanse i endrings- og innovasjonsleiing.

Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
<p><b>Medarbeider og organisasjon-</b> Skodje kommune vil ha ei strategisk og klar leiing med visjon og mål som er kjende for dei tilsette. Skodje vil ha medarbeidarar som er motiverte og arbeider saman mot felles mål</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Klare signal frå rådmannen/rådmannen si leiargruppe om retning, lojalitet og rapportering i forhold til vedtekne mål</li> <li>➤ Klar og god arbeidsgjevarepolitikk, medverknad og dialog</li> <li>➤ Rett kompetanse på alle nivå</li> </ul>	<p>Vi har eit klart styringssystem frå Kommuneplan – handlingsdel på overordna nivå til handlingsdel på einingsnivå. Årsmeldinga nyttast til å evaluere handlingsdelen</p> <p>HMS-plan og kompetanseplan vert utarbeida på kvar eining</p> <p>Ny webkart løysning for sakshandsamarar</p> <p>Vi nådde ikkje målet om eit gjennomsnittleg sjukefråver tilsvarande i 2017 på 7,5 %. I</p>



Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
		<p>2018 var det samla sjukefråveret på 8,8 %</p> <p>Det vert etterspurt digital kompetanse ved utlysning av stillingar</p> <p>I arbeidsgivarstrategien for Skodje kommune har ein fire konkrete satsingsområde fram til 2020; samskaping, rekruttering, kompetanseutvikling og innbyggjarfokus. Desse satsingsområda skal hjelpe oss å nå målet med motiverte medarbeidarar og politikar som arbeidar saman mot felles mål.</p>

#### **Aktuell statistikk og indikatorar for satsingsområdet**

Ansvar	Arbeidsplass	2016		2017		2018	
		Årsverk	Tilsette	Årsverk	Tilsette	Årsverk	Tilsette
	1200 Rådmann	3	3	2,8	3	3,5	4
	1220 Sentraladministrasjon (stab-støtte og øk	7,5	8	8,3	9	8,8	9
	1250 Koordinerende eining	4	5	4	5	4,6	5
	1300 Reinhold	0,67	2	0	0	0	0
	1500 Kultur	3,65	7	3,47	4	4,6	7
	1800 Prosjekt / tillitsvalde	0,42	0	0,62	1	1,15	4
	1900 Eining for integrering o kvalifisering	0	0	2	2	2	2
	2050 Fellesutgifter barnehage	0,2	0	0,8	0	0	0
	2100 Fellesutgifter grunnskule	0,3	0	0,3	0	0	0
	2110 Skodje ungdomsskule	18,08	22	21,27	26	21,3	25
	2120 Skodje barneskule	33,51	44	33,42	41	36	43
	2150 Valle skule	14,28	18	15,34	20	15	17
	2170 Skodje kommunale barnehage	14,95	19	17,6	21	16	16
	2180 Stette barnehage	10,6	12	8,9	9	8	8
	2190 Valle barnehage	12,6	13	12	13	11,8	12
	2200 Prestemarka barnehage	22,16	23	20,8	22	27	27
	3100 Helsesenter	12,01	18	12,91	19	14,4	18
	3174 Nav Storfjorden - til fordelin	2	2	6	6	5	5
	3210 Storfjorden barnevern	8,95	12	11,4	13	11,6	14
	4100 Heimebasert omsorg HBO	23,14	39	24,67	41	26,5	45
	4200 Skodje sjukeheim SOMS	31,09	52	30,83	54	33,6	54
	4300 Prestemarka Dagsenter	11,16	19	15,89	24	24,5	35
	4310 Butilbod Funksjonshemma	44,11	75	42,7	74	43	66
	, 6100, 6500 Teknisk avdeling	12,98	25	13,4	26	15,3	27
	<b>TOTALT</b>	<b>291,36</b>	<b>418</b>	<b>309,42</b>	<b>433</b>	<b>333,65</b>	<b>443</b>

Skodje kommune har i 2018 hatt ei auke i talet på årsverk. Dette skuldast endringar knytt til drift og ei større brukarmasse. Ein har til dømes teke i mot fleire barn i barnehagane, tilsett arkivkonsulent, ungdomskontakt og helsesøster i tråd med vedteken handlingsplan. I tillegg har ein hatt behov for å bemanna opp både i Storfjord barnevern, HBO, SOMS og teknisk. Størst auking i bemanning er på Prestemarka barnehage og Prestemarka dagsenter.

**Fig. 13: Samla sjukefråver 2015 – 2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2015	2,4	6,8	9,2
2016	2,3	6,3	8,6
2017	2,1	6,3	7,5
2018	2,6	6,2	8,8


Skodje kommune er ein IA-verksemd, med ei målsetting om auka nærvær og systematisk førebygging og tilrettelegging. Det totale sjukefråveret gikk gradvis ned i perioden frå 2015 til 2017 og langtidsfråveret fortsetter å minka, men det samla fråveret auka i 2018 til 8,8 %. Skodje kommune ligg fortsatt under landsgjennomsnittet for det totale sjukefråveret i kommunane, som var 9,8 % ved siste måling.

For å ha motiverte tilsette har ein fokus på å arbeide med helse, miljø og sikkerheit (HMS) på arbeidsplassane. Tiltak for å nå målet om auka nærver i 2018 var mellom anna å vidareføre «Friskare saman» som prosjekt for å førebygge og følgje opp sjukefråver, samt å sette fokus på førebygging av vald, trugslar og trakassering på arbeidsplassane.

I 2018 utarbeida leiarane saman med verneomboda nye rutinar for å førebygge og handtere vald, trugslar og trakassering på arbeidsplassane. AMU vedtok også ei ny rutine for varsling.

Stamina Helse AS er kommunen sin leverandør av bedriftshelsetenester og bidreg i det systematiske HMS-arbeidet og elles ved behov i einingane.

**Fig. 14: Tal leiarar på ulike nivå fordelt pr. kjønn**



#### Likestillingslova § 1a tredje ledd:

*”Virksomheter som i lov er pålagt å utarbeide årsberetning, skal i årsberetningen redegjøre for den faktiske tilstanden når det gjelder likestilling i virksomheten. Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestilling og for å forhindre forskjellsbehandling i strid med denne loven”.*

Det har vore nokre utskiftningar på leiarsida, likevel er fordelinga mellom kjønna i stort sett det same som i 2017.

Kommunen sitt arbeid knytt til overordna lovparagraf:

- Personalpolitiske spørsmål skal vurderast i eit kjønnsperspektiv
- Ein skal kunne avdekkje om verksemda oppfyller lovkrav, peike på problem og ta opp problemstillingar som bør visast merksemd
- Ein skal kunne gir råd som kan fremje likestilling.

Det skal i denne samanhengen leggest fram:

- Ei systematisk framstilling av tilhøva som er relevante for å vurdere graden av likestilling mellom kvinner og menn
- Ei opplysning om igangsette og planlagde tiltak
- I talet årsverk er fordelinga mellom kvinner og menn slik at stordelen av deltidsstillingar fell på kvinner
- Det er 3 kvinner av 7 årsverk i toppleiinga
- På einingsleiarnivå er det 5 kvinner og 7 menn

- På mellomleiar nivå er det 9 kvinner og 4 menn
- På lågare nivå (konsulent og sekretær) er det stor overvekt av kvinner
- Lønnsmessig er det varierende skilnad på kvinner og menn innan dei respektive nivåa. På nokre nivå har kvinner i gjennomsnitt høgare løn enn menn, mens det for andre grupper er motsatt. Lønnskilnaden mellom kvinner og menn er blitt lågare det siste året.
- Ein opplever også i kommunen at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går att:
  - Kvinner er overrepresenterte innan dei fleste tenestemråda i kommunen
  - Menn er overrepresenterte i tekniske stillingar

Fordelinga mellom kvinner og menn tilsett i Skodje kommune kan målast på ulike måtar. Tek ein berre omsyn til fast tilsette arbeidstakarar og reknar om til årsverk er 81 % kvinner og 19 % menn.

Ved rekruttering til stillingar opplever ein også ei tradisjonell søking. Kommunen har ikkje under elles like tilhøve valt kvinner ut frå eit likestillingsmessig omsyn.

Frå arbeidsgivarhald har ein prøvd å oppfylle likestillingsmessige omsyn så langt ein rår over dette. Når det gjeld lønn har ein prøvd å tilby like lønn for kvinner og menn på likt nivå.

Kommunen har ikkje i år 2018 sett i verk tiltak som ikkje var sett i verk i 2017.

Ein kan likevel nemne at ein har fokus på utviding av deltidsstillingar

Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
Tenestemottakarar- Skodje kommune vil sikre at innbygarane får gode tenester med fokus på kvalitet og service tilpassa kommunene sine økonomiske rammevilkår	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ God informasjon til brukarane om kommunen sine tilbod (tenestemottalar)- herunder naudsynt effektivisering av tenestetilbodet</li> <li>➤ Konsentrere drifta om kommunen si kjerneverksemd</li> <li>➤ Utvikle kommunen som heilskapleg serviceorganisasjon</li> <li>➤ Involvere tenestemottakarane i utviklinga av tenestene gjennom samskapingsmetodar som fremjer innovasjon</li> </ul>	<p>Skodje kommune har hatt stort fokus på kompetanseheving. Vi rekrutterer tilsette med høg kompetanse og legger til rette for kompetanseheving både på individuelt nivå og gruppenivå.</p> <p>Einingane har teke i bruk ulike metodar for samskaping.</p> <p>Facebooksida «Det skjer i Skodje» har hatt stor suksess</p>

### **Aktuell statistikk og indikatorar for satsingsområdet**

Tilsyn er til for å sikre at kommunen yter tenester etter gjeldande lovkrav. Det er ulike mål med tilsyna, til dømes innan system og/eller tenesteyting. Tilsyna kan vere meldte og ikkje-meldte. I 2017 var det svært få tilsyn:

- 1) Skulefagleg ansvarleg, jf. Kommunelova § 60 b - ingen avvik
- 2) Arbeidstilsyn ved Storfjorden barnevern, jf. Arbeidsmiljølova - ingen avvik

- 3) I tillegg er det gjennomført i alt 28 branntilsyn etter lov om brann, eksplosjon og ulykker § 13. «§ 13 bygg» er ei samlenemning for særskilte bygg brannvesenet anser for høynet risiko eller konsekvens ved brann. Dette gjeld både kommunale og private .

**Fig. 15: Klager på enkeltvedtak i 2018**

Eining	Tal klager	Område og lovheimel	Resultat
NAV Storfjorden	5	Lov om sosiale tenester i NAV §§ 18 og 19	1 endra utan vidareseending, 2 endra av Fylkesmannen, 2 ligg framleis til behandling hjå Fylkesmannen
Koordinerande Eining	1	HOL §3-6	Kommunen fekk medhald
Skodje u-skule	1	Opplæringslova §5-1	Kommunen endra vedtak

Talet på klager, området det vert påklaga og utfallet etter Fylkesmannen har handsama klaga er med å gje kommunen ei retning om vi yter tenester som er gode nok. I tillegg må ein ta omsyn til at det er personar som klagar, men likvel ikkje er nøgd.

Normal klagehandsaming etter forvaltningslova, er at kommunen fatta enkeltvedtak som går til brukaren. Deretter kan brukaren klage på vedtaket og saka går tilbake til kommunen. Vel kommunen å oppretthalde vedtaket, går saka til rette klageinstans, som regel fylkesmannen.

I 2018 var det til saman 7 klager - noko mindre enn i 2017 då det til saman var 9 klager på vedtak.

Samarbeidsutvala er eit organ der valde representantar frå dei einskilde einingane får møte ansvarleg einingsleiar. Desse utvala er viktige for å få innspel, forankre og utvikle tiltak overfor brukarane.

Samarbeidsutvala er eit organ der valde representantar frå dei einskilde einingane får møte ansvarleg einingsleiar. Desse utvala er viktige for å få innspel, forankre og utvikle tiltak overfor brukarane.

**Fig. 16: Samarbeidsutval (SAMU) i 2018**

Eining	Tal på møte
Skodje barnehage	1
Prestemarka barnehage	1
Valle barnehage	1
Stette barnehage	1
Prestemarka bu- og dagtilbod	1
Skodje omsorgssenter	1
Barneskule avd. Skodje	2
Barneskule avd. Valle	2
<b>Sum</b>	<b>10</b>

	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
<p><b>Økonomi-</b> Overordna mål for all verksemd i kommunen er at ein skal gradvis jobbe mot ein netto driftsresultat på 2%</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ God økonomistyring, rapportering og påliteleg sakshandsaming</li> <li>➤ Effektiv ressursbruk og tenestetilbod innan gitte økonomiske rammer</li> <li>➤ Gode system for resultatstyring i organisasjonen</li> <li>➤ <u>Økonomiske måltal skal vere som følgjer:</u></li> <li>➤ Ein skal jobbe mot eit netto driftsresultat på 2%</li> <li>➤ Korrigert netto lånegjeld skal på sikt ikkje vere høgare enn 75% av brutto driftsinntekter</li> <li>➤ Disposisjonsfondet skal minimum utgjere 6% av brutto driftsinntekter</li> <li>➤ Investeringar skal som hovudregel ha ein andel eigenfinansiering</li> </ul>	<p>Netto driftsresultat: 3 % (mål: 2 %)</p> <p>Disp.fond i % av driftsinntekter: 10,2 % pr. 31.12.18 (mål: Minimum 6 %).</p> <p>Netto korrigert lånegjeld ift. driftsinntekter: 86,6 % (Mål: Maks 75 %).</p> <p>Investeringsprosjekt i 2018:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Omsorgsbustadar</li> <li>- Storsetra byggetrinn 2</li> <li>- Høgdebasseng Lia</li> <li>- Krisevassforsyning</li> <li>- Uteområde Skodje ungdomsskule</li> <li>- Ungdomsklubb</li> <li>- Pasientvarslingsystem</li> </ul>

Fig. 17: Økonomiske oversikter Skjema 1A – drift

Regnskapsskjema 1A - drift	Rekneskap 2018	Reg. budsjett 2018	Oppr.budsjett 2018	Rekneskap i fjor 2017
Skatt på inntekt og formue	116 890 751	118 440 000	118 440 000	114 146 397
Ordinært rammetilskot	144 968 654	142 084 000	140 132 000	143 190 978
Skatt på eigeidom	8 655 267	8 680 000	8 680 000	8 292 217
Andre direkte eller indirekte skattar	-	-	-	-
Andre generelle statstilskudd	24 211 823	21 775 000	24 275 000	23 071 594
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>294 726 495</b>	<b>290 979 000</b>	<b>291 527 000</b>	<b>288 701 185</b>
Renteinntekter og utbyte	4 600 170	4 160 000	3 460 000	4 874 804
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidlar)	-	-	-	-
Renteutg.,provisjonar og andre fin.utg.	7 502 084	8 000 000	8 000 000	7 034 232
Tap finansielle instrument (omløpsmidlar)	215 454	-	-	19 985
Avdrag på lån	13 300 598	13 000 000	12 000 000	13 016 138
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>- 16 417 966</b>	<b>- 16 840 000</b>	<b>- 16 540 000</b>	<b>- 15 195 550</b>
Til dekning av tidlegare regnsk.m. meirforbruk	-	-	-	-
Til ubundne avsetningar	12 780 615	12 780 615	-	8 927 657
Til bundne avsetningar	1 240 578	-	-	3 014 184
Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk	10 143 615	10 143 615	-	8 927 657
Bruk av ubundne avsetningar	-	-	-	2 300 000
Bruk av bundne avsetningar	2 719 954	100 000	100 000	4 026 643
<b>Netto avsetningar</b>	<b>- 1 157 623</b>	<b>- 2 537 000</b>	<b>100 000</b>	<b>3 312 459</b>
Overført til investeringsrekneskapet	-	-	-	7 139 000
<b>Til fordeling drift</b>	<b>277 150 906</b>	<b>271 602 000</b>	<b>275 087 000</b>	<b>269 679 094</b>
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	266 560 807	271 602 000	275 087 000	259 535 479
<b>Rekneskapsmessig mindreforbruk</b>	<b>10 590 099</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>10 143 615</b>

Fig. 18: Økonomiske oversikter Skjema 1B – drift

Rekneskapskjema 1B - drift	Rekneskap	Buds(end)	Budsjett	Rekneskap
	2018	2018	2018	2017
Politisk styring	3 286 798	3 937 000	3 937 000	3 915 475
Administrasjonssjefen (Rådmannen)	4 455 287	5 283 226	5 283 226	3 931 699
Sentraladministrasjon	3 850 882	3 407 274	3 040 274	7 488 842
Økonomiavdeling	3 502 394	4 023 500	4 023 500	-
<b>Sum sentral leing og politisk styring</b>	<b>15 095 361</b>	<b>16 651 000</b>	<b>16 284 000</b>	<b>15 336 016</b>
IT Drift	3 236 917	3 200 000	3 200 000	3 110 090
Prosjekt	2 168 949	- 1 800 000	- 1 800 000	- 1 893 678
<b>Sum fellesfunksjonar</b>	<b>5 405 866</b>	<b>1 400 000</b>	<b>1 400 000</b>	<b>1 216 412</b>
Kultur	2 792 321	2 789 440	2 789 440	2 351 750
Fellesutgifter barnehage	11 218 056	11 120 200	11 120 200	10 940 575
Fellesutgifter grunnskule	9 827 328	8 826 000	5 826 435	7 599 234
Skodje ungdomsskule	15 587 379	16 066 000	15 918 160	14 505 212
Skodje barneskule	22 752 471	22 904 000	22 475 358	21 802 099
Stette skule	-	-	-	1 050
Valle skule	11 229 666	11 945 548	9 945 548	10 269 518
Skodje kommunale barnehage	7 670 441	7 964 000	8 061 000	7 565 725
Stette barnehage	4 746 512	4 905 602	4 905 602	4 722 585
Valle barnehage	6 124 599	6 163 500	6 163 500	5 437 834
Prestemarka barnehage	11 052 006	11 757 600	11 757 600	10 452 882
<b>Sum oppvekst og kultur</b>	<b>103 000 779</b>	<b>104 441 890</b>	<b>98 962 843</b>	<b>95 646 364</b>
Helsesenter	11 578 810	12 237 555	12 237 555	10 611 595
Heimebasert omsorg HBO	19 633 871	20 993 202	20 993 202	19 810 064
Skodje sjukeheim SOMS	23 630 802	22 474 343	26 274 343	25 602 033
Prestemarka Dagsenter	11 301 873	9 548 959	8 348 959	11 321 812
Butilbod Funksjonshemma	26 615 590	27 897 720	27 243 767	26 302 139
Koordinerande eining	5 313 615	5 436 205	5 836 205	5 477 729
Eining for integrering og kvalifisering	8 795 943	10 100 000	12 500 000	11 614 330
<b>Sum helse og omsorg</b>	<b>106 870 504</b>	<b>108 687 984</b>	<b>113 434 031</b>	<b>110 739 702</b>
Fordelte utgifter eigedomsdrift	10 288 421	10 115 620	10 115 620	9 070 734
Kommunal teknisk drift	8 975 848	9 089 380	7 089 380	8 321 742
Renovasjon	- 16 353	-	-	32 140
Slam	-	-	-	2 994
<b>Sum tekniske tenester</b>	<b>19 247 916</b>	<b>19 205 000</b>	<b>17 205 000</b>	<b>17 427 610</b>
Storfjorden barnevern - Skodje kommune	8 868 080	9 800 000	10 700 000	10 447 381
Nav Storfjorden - Skodje	4 506 501	4 835 000	4 835 000	4 942 654
PPT	2 570 641	2 892 000	2 892 000	2 440 452
Religiøse formål	2 290 992	2 291 126	1 991 126	1 954 000
Landbrukskontor	469 879	548 000	548 000	526 041
<b>Sum interkommunale tenester</b>	<b>18 706 093</b>	<b>20 366 126</b>	<b>20 966 126</b>	<b>20 310 528</b>
<b>Sum alle einingar</b>	<b>268 326 519</b>	<b>270 752 000</b>	<b>268 252 000</b>	<b>260 676 632</b>
Motkonto avskrivning Kostra	- 2 336 641			2 098 994
Korreksjonsføring*	570 929	850 000	6 835 000	957 841
<b>Sum fordelt til drift</b>	<b>266 560 807</b>	<b>271 602 000</b>	<b>275 087 000</b>	<b>259 535 479</b>



<b>*Korreksjonsføring inneheld:</b>		
<b>Arter som ikkje tilhøyrar ansvar 1000-7999:</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>
Art 1501 Andre renteutgifter	44 107	
Art 1503 Andre finansutgifter	3 084	
Art 1550 Avsetningar til bundne fond	1 240 578	
Art 1591 Kalkulatoriske renter og avdrag	1 141 081	
Art 1010 Løn eigedomsskatt		500 000
Art 1099 Arbeidsgiveravgift		70 500
Art 1131 Porto og frakt eigedomsskatt	- 23 122	24 500
Art 1140 Annonsering	- 1 386	
Art 1196 Lisens og leieavgift	- 53 012	
Art 1197 Andre kontigentar og lisensavgifter eigedomsskatt	- 8 500	55 000
Art 1272 Andre konsulenttenester		30 000
Art 1905 Andre renteinntekter	- 49 229	70 000
Art 1950 Bruk av bundne fond	- 2 719 954	100 000
Art 1819 Statlege overføringar	- 60 000	
Art 1909 Andre aksje/andelsutbytte	- 85 736	
Øresdifferansar	- 3	
<b>Sum</b>	- 572 092	850 000
<b>Arter som ikkje tilhøyrer ansvar 8000-9999:</b>		
Art 1198 Andre avgifter og gebyr	- 1 837	
Art 1924 Avdrag sosiale lån	3 000	
<b>Sum korrigeringar</b>	- 570 929	850 000

Fig. 19: Økonomiske oversikter Skjema 2A – investering

Rekneskapsskjema 2A - investering	Rekneskap 2018	Reg. budsjett 2018	Oppr. budsjett 2018	Rekneskap i fjor 2017
Investeringar i anleggsmiddel	91 675 089	114 000 000	113 384 000	34 722 115
Utlån og forskutteringar	3 804 718	6 000 000	6 000 000	10 021 546
Kjøp av aksjar og andelar	938 428	-	-	1 056 824
Avdrag på lån	2 269 986	-	2 000 000	2 095 940
Dekning av tidligare års udekk	-	-	-	-
Avsetningar	966 485	966 485	-	3 323 216
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>99 654 706</b>	<b>120 966 485</b>	<b>121 384 000</b>	<b>51 219 641</b>
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidlar	66 975 606	84 250 000	79 547 000	31 883 719
Inntekter frå sal av anleggsmiddel	49 530	-	-	966 485
Tilskot til investeringar	-	-	-	1 928 103
Kompensasjon for meirverdiavgift	15 504 201	19 550 000	19 652 000	3 693 992
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	1 578 225	3 200 000	3 200 000	3 862 841
Andre inntekter	-	-	-	-
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>84 107 562</b>	<b>107 000 000</b>	<b>102 399 000</b>	<b>42 335 139</b>
Overført frå driftsrekneskapet	-	-	5 985 000	7 139 000
Bruk av tidlegere års udisponert	966 485	966 485	-	1 556 316
Bruk av avsetningar	14 630 189	13 000 000	13 000 000	1 155 672
<b>Sum finansiering</b>	<b>99 704 236</b>	<b>120 966 485</b>	<b>121 384 000</b>	<b>52 186 126</b>
<b>Udekk/udisponert</b>	<b>49 530</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>966 485</b>

Fig. 20: Økonomiske oversikter Skjema 2B – investering

Rekneskapsskjema 2B - investering		Rekneskap 2018	Buds(end) 2018	Budsjett 2018	Rekneskap 2017
Prosjekt 1000	Investeringer IT	1 194 890	4 375 000	4 375 000	2 119 576
Prosjekt 1021	Pasientvarslingsanlegg SOMS	3 440 887	-	-	563 380
Prosjekt 1022	Kyrkjestove	250 000	-	-	-
Prosjekt 1023	Skodje kyrkje - forprosjekt	-	250 000	-	-
Prosjekt 1266	Omsorgsbustader Runnane - forprosjekt	-	-	-	1 973 850
Prosjekt 1268	Enøk omsorgssenter	441 678	3 250 000	3 250 000	-
Prosjekt 1271	Enøk Valle skule	-	500 000	500 000	-
Prosjekt 1273	Kjøp av flyktningebustader	-	-	-	4 145 043
Prosjekt 1274	Skodje barneskule	-	-	-	8 690 618
Prosjekt 1276	Forprosjekt utbygging av skular/skuleområde	50 469	-	-	157 531
Prosjekt 1277	Runnane omsorgsbustadar - byggjekostnader	63 338 417	69 875 000	70 000 000	-
Prosjekt 1278	Uteområde barnehagane	191 884	1 875 000	1 875 000	-
Prosjekt 1279	Skodje ungdomsskule utbygging forprosjekt	532 028	-	-	-
Prosjekt 1280	Skodje barneskule tilbygg	1 417 539	10 000 000	10 000 000	-
Prosjekt 1281	Kommunale bustadar	-	2 000 000	2 000 000	-
Prosjekt 1282	Nytt trafikksystem sentrumskulane	383 654	1 000 000	1 000 000	-
Prosjekt 1283	Uteområde ungdomsskulen	1 416 730	1 600 000	1 600 000	-
Prosjekt 1284	Ungdomslokale Skodje kjøpesenter (investerin	1 260 986	400 000	400 000	-
Prosjekt 1333	Tilrettelegging kommunale bygg	1 548 404	1 875 000	1 875 000	218 508
Prosjekt 1404	Dekkelegging	3 210 577	-	-	-
Prosjekt 1412	Kartverk	-	250 000	250 000	26 041
Prosjekt 1423	Ledlys	-	-	-	306 800
Prosjekt 1426	Hovudplan kommunale vegar	-	1 250 000	1 250 000	1 122 684
Prosjekt 1427	Ådalsvegen	-	-	-	5 097 690
Prosjekt 1429	Gangveg byggefelt Olmangjerdet-kyrkja	-	1 250 000	1 250 000	-
Prosjekt 1454	Hovudplan vassforsyning	51 255	-	-	99 430
Prosjekt 1472	RV Erstad	-	-	-	78 642
Prosjekt 1473	Krisevassforsyning	1 039 337	2 000 000	2 000 000	3 476 548
Prosjekt 1474	Vassforsyning Ådalsvegen	3 485	-	-	1 199 083
Prosjekt 1475	Storsætra Byggetrinn 2	9 315 365	7 500 000	7 500 000	4 206 869
Prosjekt 1476	Kum Fylling	-	-	-	381 854
Prosjekt 1477	Høgdebasseng Lia	2 438 037	3 000 000	3 000 000	-
Prosjekt 1478	Gang-sykelsti Grindvik	1	-	-	-
Prosjekt 1519	Avløp Ådalsvegen	-	625 000	625 000	857 968
Prosjekt 1760	Sal/kjøp av tomter/bustadareal	100 000	-	-	-
Prosjekt 3210	Sjukeheimen 1-6	49 469	-	-	-
Prosjekt 5263	Bygdebokprosjekt	-	1 125 000	634 000	-
<b>Sum investert i anleggsmiddel</b>		<b>91 675 089</b>	<b>114 000 000</b>	<b>113 384 000</b>	<b>34 722 115</b>

Fig. 21: Utvalgte nøkkeltall, kommuner – nivå 1 (K) etter region, statistikkvariabel og år

Utvalde nøkkeltall	Skodje			Kostragr.p. 2018	MR fylke 2018	Landet u/Oslo 2018
	2016	2017	2018			
<b>Finansielle nøkkeltall bevilgningsrekneskapen, kommunekonsern</b>						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	4,0	3,6	3,5	0,9	1,2	1,7
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,4	3,7	3,0	1,6	1,2	2,1
<b>Nøkkeltall i kroner per innbyggjar, kommunekonsern</b>						
Frie inntekter i kroner per innbyggjar, konsern	53 053	54 987	54 966	56 726	55 791	55 132
Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar, konsern	68 508	69 941	80 131	70 810	91 973	74 622

Skodje vil	Slik gjer vi det	Kvar har vi gjort?
<p><b>Politikk- Styrke</b> lokaldemokratiet ved å etablere ein aktiv medverknadspolitikk.</p> <p>Auka kompetanse hos politikarane vil føre til meir profesjonalitet og mindre habilitetskonflikter.</p> <p>Politisk leiing skal ha føreseielege og gode arbeidsvilkår som sikrar breitt engasjement.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Etiske retningslinjer skal rullerast</li> <li>➤ Hovudregelen er opne møter, og at kommunestyremøta skal vere digitalt overførde.</li> <li>➤ Vi må finne organisasjonsformer for eit levande lokaldemokrati som bidreg til auka engasjement og deltaking frå innbyggjarane, både representantativt (val) og direkte (mellom val).</li> <li>➤ Aktiv medverknadspolitikk vil kunne kompensere for større avstand mellom innbyggjarar og politikarar/administrasjon ved endra kommunegrenser som følgje av kommunereforma.</li> </ul>	<p>Det vart utarbeida etiske retningslinjer for nye Ålesund kommune. Desse vart vedtekne av fellesnemnda hausten 2018.</p> <p>Alle politiske møter har vore opne. Kommunestyremøta har vore overført på kommune-TV (web)</p> <p>I 2018 har det vore gjennomført ulike medverknadsmøter i samband med rulling av arealplan, samt i bygginga av nye Ålesund kommune.</p>
<p><b>Samspel politikk og administrasjon-</b> Samhandling må basere seg på tillit og respekt mellom partane. Samhandling gir gode løysingar, effektivitet, kvalitet og ein utviklande organisasjon.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Felles verdiar, føreseielege mål og strategiar, tydelege rammevilkår og styringsdokument</li> <li>➤ God forståing av politikarane sitt arbeidsgjevaransvar og ein heilskapleg leiarkultur</li> <li>➤ God samhandling mellom politikk, administrasjon og tillitsvalde</li> <li>➤ Godt samarbeid med innbyggjarane, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar</li> <li>➤ Evne til utvikling og nyskaping med tanke på tenester og lokalsamfunn</li> <li>➤ Rolle- og forventningsavklaring og respekt for kvar andre sine roller</li> <li>➤ Arbeide vidare med mål og strategiar for heilskapleg styring med fokusområda: økonomi, samfunnsutvikling, tenestemottakarar, medarbeidarar og organisasjon</li> </ul>	<p>Det er utarbeida eitt- årig handlingsprogram knytt til kommuneplanen som sikrar føreseielege mål og strategiar</p> <p>Gjennom Skodje kommune sitt heilskaplege styringssystem sikrar ein medverknad frå politikarar, tillitsvalde og administrasjon i både å lage mål og evaluere resultatata</p>

**Fig. 22: Politiske utval og møter**

Politisk utval	Tal møter i 2016	Tal møter i 2017	Tal møter i 2018
Kommunestyret	19	14	9
Formannskap	18	12	11
Det faste planutvalet	8	12	7
Elderådet	7	7	3
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	7	5	4
Ungdomsrådet	10	14	15
Arbeidsmiljøutvalet	4	4	4
Administrasjonsutvalet	4	3	2

**Fig. 23: Politiske utval og saker**

Politisk utval	Tal saker i 2016	Tal saker i 2017	Tal saker i 2018
Kommunestyret	142	114	82
Formannskap	152	124	114
Det faste planutvalet	82	81	80
Elderådet	27	15	15
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	30	18	21
Ungdomsrådet	30	21	22
Arbeidsmiljøutvalet	20	15	16
Administrasjonsutvalet	10	10	6

## 3. EININGANE

### 3.1 Barnehage

***Einingsleiar: Janne Aamelfot***

Dei fire kommunale barnehagane i Skodje er organisert i ei felles eining, med ein einingsleiar med personal og økonomiansvar. Kvar barnehage har ein styrar som har det daglege ansvaret for drift av den enkelte barnehagen. Einingsleiar har funksjonen barnehagefagleg ansvarleg som ein del av stillinga.

**Fig. 24: Tal på plassar og barn**

Barnehage	Tal på plassar	Tal på barn
Skodje	84	64
Stette	41,8	32
Valle	62,4	52
Prestemarka	122,2	90
<b>Samla</b>	<b>310,4</b>	<b>238</b>

Samla sett ein liten auke i driftsnivået, der prestemarka barnehage sto for den største auken.

### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

Barnehagane deltek saman med skulane i UDIR si satsing Inkluderande barnehage- og skulemiljø. Fokus i satsinga er kompetanseheving i forhold til førebygging, avdekking og handtering av mobbing og andre krenkingar.

Plan for overgangar til og i barnehage vart utarbeidd i 2018. Fokus der er trygg tilknytning.

Barnehagane har fokus på prosjektarbeid og utviklingsarbeid som kompetanseheving og arbeider aktivt i lærande nettverk. Utviklingsarbeidet «Ringar i vatn», vart starta hausten 2016 og skal avsluttast våren 2019. Temaet er barnehagen i eit folkehelseperspektiv, og psykisk helse, fysisk aktivitet og ernæring/kosthald er undetema. I utviklingsarbeidet er alle barnehagetilsette i Skodje involvert. Barnehagane er aktivt representert i styringsgruppa for folkehelse.

Hausten 2018 starta kommunen Ørskog, Skodje, Sandøy, Haram og Ålesund eit utviklingsarbeid for barnehagetilsette i samarbeid med Høgskulen i Volda. Det har tittelen Opp og fram – ein nyskapande barnehagesektor. Målsettinga for utviklingsarbeidet er å bygge faglege nettverk mellom barnehagane i Nye Ålesund kommune, auke kompetanse i å drive utviklingsarbeid, samt å implementere den nye Rammeplan for barnehage.

Pedagogisk dokumentasjon og systematisk vurdering av eige arbeid er vektlagt og barnehagane innførte nye rutiner kring dette frå august 2018.

Skodje kommune har delteke i Kultursekken for barnehage, som inneber to besøk per år av profesjonelle kulturaktørar som held forestillingar i den enkelte barnehage. Tilbodet gjeld barn over tre år. Dette tilbodet vart avslutta i 2018.



## Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig. 25: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Eining	Reknskap	Budsjett	Avvik
	Fellesutgifter barnehage	11 218 056	11 120 200	97 856
	Skodje kommunale barnehage	7 670 441	7 964 000	-293 559
	Stette barnehage	4 746 512	4 905 602	-159 090
	Valle barnehage	6 124 599	6 163 500	-38 901
	Prestemarka barnehage	11 052 006	11 757 600	-705 594
	<b>SUM</b>	<b>40 811 614</b>	<b>41 910 902</b>	<b>-1 099 288</b>

**Fig. 26: C1. Konsern – barnehager – nøkkeltall (K) etter region, statistikkvariabel og år**

	Skodje	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
	2018	2018	2018
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år %	77,1	78	84
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år %	88	88,8	92,2
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år %	95,5	95,8	97,3
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage, tal	77,9	66,5	49
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i barnehage, alle barnehager, tal	6,1	5,7	5,8
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning %	33	39,2	40,8
Andel barn, eksklusive minoritetsspråklige, som får ekstra ressurser, %	0	0	0
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager kr	60	71	69
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år %	88,9	88,4	84,6
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter %	16,1	13,8	14,3
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år kr	13300 9	154151	153249
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager kr	50	59	55

**Fig. 27: Sjukefråver i prosent 2016-2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	2,4	9,3	11,7
2017	2,5	6,9	9,4
2018	3,3	8,6	12

Sjukefråveret i barnehagane er langt høgare enn kommunen sitt mål. Det har vore arbeidd aktivt og målbevisst for å redusere fråveret i barnehagane i fleire år, særleg gjennom prosjektet «Friskare



saman», der rutineane for oppfølging, førebygging og tilrettelegging har vore i fokus. Vi kunne i 2017 sjå tydelege resultat av arbeidet, men i 2018 ser vi diverre at fråveret har auka igjen.

## 3.2 Barneskule

### ***Einingsleiar: Trond Gisnås***

Skodje barneskule som eining har to avdelingar – Skodje barneskule og Valle skule. Begge skulane har eiga skulefritidsordning.

Skodje barneskule nyttar Skodje kommune sitt kombinasjonsbibliotek jamleg, ettersom det ligg i Gomerhuset og dermed i skulen sitt nærrområde. Valle skule har eige lite skulebibliotek.

**Fig. 28: Elevtalsutvikling**

Barneskule	Tal elevar 2016/2017	Tal elevar 2017/2018	Tal elevar 2018/2019
Valle	100	96	90
Skodje	168	287	300

Tala antyder eit nokså stabilt elevtal ved Valle skule, medan vi ser vekst ved Skodje barneskule. Forventa utvikling i åra som kjem viser vekst, og allereie skuleåret 2019/2020 aukar elevtalet markant ved begge skular.

### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

Ein har i samarbeid med tillitsvalde og personalgruppene arbeidd over tid med å forankre verdiane, samt avklare roller, oppgåver og ansvar, som følgje av at organisasjonen har vore gjennom strukturelle endringar dei siste åra.

Leiinga har vekentleg møte med arbeidsplassstillitsvalde, samt etter behov med verneombod. Dette styrkar samhandling og forståing av samhengar mellom partane i kommuneorganisasjonen.

Det er etablert gode samarbeidsarenaer på leiarnivå mellom barnehage, og private og offentlege skular for samarbeid kring aktuelle saker.

Vi har fortløpande halde fokus på å bygge digital kompetanse hos tilsette og leiing i høve til dei rette, digitale løysingane. Ei rekkje nye eller fornya digitale verkty – både administrative og pedagogiske – er under planlegging, innføring og/eller innarbeiding i skulekvardagen. Realkompetansen blir heva ved erfaringsdeling og læring i profesjonsfellesskapet.

Dei to skuleavdelingane har hatt eit stort mangfald av aktivitetar gjennom året.

Innanfor Ungt entreprenørskapsprogrammet har vi i 2018 gjennomført både «Våre familiar» (2. trinn), «På kryss og tvers gjennom Europa» (5. trinn) og «Vårt lokalsamfunn» (7. trinn).

Gomersamlinga (Skodje) og Programtimen (Valle) er sentrale døme på arenaer der elevane har fått eksponert både kjente og ukjende talent. I tillegg er sesongbetonte arrangement som t.d. fellesopning av Vennskapsveka, dugnad, rådsorganmøte, skuleavslutningar, foreldrekøying ved tur dagar m.m. eksempel på møtestadar gjennom skuleåret. Saman med frivillege kan skulen i større grad utviklast til å vere ei samfunnsaktør og gi eit enda betre tilbod til barna.

2018 har vore eit aktivt år i utviklingsarbeidet/Udir-programmet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Dette er eit område der elevråd, FAU og SU/SMU er naturlege partar for informasjon og medverknad. Vi erfarer at denne satsinga har hatt positivt effekt på både haldningar, kunnskap og praksis.

Ei auka helsesøsterressurs har i 2018 bidrege positivt for å styrke det sosialpedagogiske arbeidet i skulen og som lagspelar med lærarane.

Skulane har bidratt med å setje fokus på ei tryggare skuleveg, m.a. ved informasjon til heimane og samarbeid med FAU.



Skodje barneskule. Foto: Skodje Fotoklubb

## Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig. 29: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
2120	Skodje barneskule - avdeling Skodje	22 752 471	22 904 000	-151 529
2150	Skodje barneskule – avdeling Valle	11 229 666	11 945 548	-715 882
	<b>SUM</b>	<b>33 982 137</b>	<b>34 849 548</b>	<b>-867 411</b>

I 2018 var det eit auka ressursbehov knytt til elevar med særskilte utfordringar.

Rammetimar knytte til vedtak om spesialundervisning dekkjer mykje av behovet andre elevar har for ekstra fagleg støtte. Ein har dermed lite å gå på når det gjeld å fanga opp elevar med psykososiale utfordringar og elevar med framandspråkleg bakgrunn som ikkje er flyktningar.

Slike faktorar medfører samla sett eit opplevd behov for styrking og eininga fikk auka si ramme ved budsjettrevisjon i juni 2018.

**Fig. 30: D1. Konsern – grunnskoleopplæring – nøkkeltall (K) etter region , statistikkvariabel og år**

Nøkkeltall	Grunnskule	Skodje			Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2016	2017	2018			
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	antall	55,4	52,6	21,5	19,1	21,1	20,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	antall	126,5	126	119,5	133,6	137,6	138,6
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent) <sup>1</sup>	prosent	1,9	3,9	5	4,2	5,2	5,2
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	prosent	10	11,8	12,4	10,3	7,9	8,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	prosent	70	67,8	78,3	71,1	73,4	71
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	prosent	72,5	66,1	70,5	68,1	69,7	68,9
Gruppestørrelse 2 (antall)	antall	17,3	15,8	14,4	13,8	16	15,3
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	antall	42,4	41,8	44,1	41,5	41,7	41,8
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	22,6	22,7	24,5	24,8	23,1	23
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	Kr	96 110,40	97 320,40	108 320,30	125 807,50	112 430,40	116 659,90

Grunnskulen i Skodje har eit nøysamt utgiftsnivå i høve til samanliknbare kommunar. Det same biletet gjer seg gjeldande i høve til gruppestørleik, noko som òg heng saman med lågare vaksentettleiken i Skodje kommune enn elles i kommunegruppa. Dessverre ser ein ei pågåande auke i andelen elevar med spesialpedagogiske vedtak i grunnskulen i Skodje. Dette meiner vi er ei uheldig utvikling, som òg

bind opp ein større del av rammtimane våre enn det som godt er. Den gode tilpassa opplæringa kan bli skadelidande som følgje av denne utviklinga, og klassene/elevane utan særskilte utfordringar får i røynda svakare vaksentettleik i skulekvardagen enn det vi kunne hatt. Dette er ein klår trend vi både kan og bør førebygge og bekjempe med betre grunnleggande styrkingstiltak og tidleg innsats – både iht elevane sin faglege og sosiale kompetanse. Mestringsnivå i lesing og rekning er totalt sett for barneskulenområdet over fylkes- og landssnittet, og vi ser særleg ei positiv utvikling i rekning.

**Fig. 31: Nasjonale prøver – nøkkeltall (K) etter region , statistikkvariabel og år**

	Skodje 2016	Skodje 2017	Skodje 2018	Fylket 2018	Landet 2018
<b>Nasjonale prøver 5. trinn Skodje barnskule</b>					
Engelsk	53	49	51	50	50
Norsk	52	48	49	49	50
Rekning	51	46	51	49	50
<b>Nasjonale prøver 5. trinn Valle skule</b>					
Engelsk	49	-	50	50	50
Lesing	48	-	43	49	50
Rekning	49	-	46	49	50

Strekpunkta i 2017-kolonna tyder at gruppa er for lita til at direktoratet vil operere ope med tala.

Resultata frå haust 2018 viser eit resultat som er jamt høgt eller omkring fylkes- og landssnittet for Skodje barnskule sin del, medan ein ser at nivået ligg noko lågare i lesing og rekning ved Valle skule. I engelsk, derimot, ser vi at nivået er jamnt godt ved Valle skule.

Dette er signal vi tek med oss i det daglege fokus på forbetring av kvaliteten i faga og i undervisninga.

**Fig. 32: Sjukefråver 2016-2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	1,7	3,5	5,2
2017	1,9	4,1	6
2018	1,9	3,4	5,3

Fråversstatistikken for tilsette i barneskulen viser relativt stabile tal, som i seg sjølv ikkje gir grunnlag for bekymring.

### 3.3 Ungdomsskule

#### **Einingsleiar: Trond Herje**

Ungdomskulen har skuleåret 2018/2019 to klassar på 8. og 10. trinn og tre klassar på 9. trinn. Elevtalet er på vei opp og dette skuleåret har vi 140 elevar. Om fire til fem år er det prognosar som seier at elevtalet vil være 250 elevar. På denne bakgrunn vert det jobba med planar om å utvide ungdomsskulen. Samtidig vert det arbeid mykje med å få laga planar for korleis ein skal få til eit uteområde rundt skulen som er tenleg for aktivitet og trivsel for elevane.

Elevundersøkinga som var tatt i haust viser at dei fleste elvane trivst på skulen. Ein ting som bekymrar oss som arbeider med ungdommen, er at mange slit med den psykisk helsa. Dette arbeider skulen med dagleg. Tverrfagleg skuleteam der skulen jamleg samarbeider med PPT, barnevern, helesøstertenesta og kommunepsykolog er eit godt fora å ta opp ulike utfordringar som skulen og elevar har.

**Fig. 33: Elevantalutvikling**

Skule	Tal elevar 2017/2018	Tal elevar 2018/2019	Tal elevar 2019/2020
Skodje ungdomsskule	140	136	158

#### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

Skulen har vore med i satsinga «inkluderande barnehage- og skulemiljø» der ein gjennom skulebasert kompetanseutvikling skal få til eit barnehage- og skulemiljø som fremmer helse, trivsel og læring. For skulen passa det bra at ein var med på denne satsinga samstundes som det kom endringar i opplæringslova når deg gjeld elevane sitt skulemiljø. I tida framover vil vi lage ein plan for skulemiljøet til elevane og få denne implementert på skulen.

I tillegg til dette, satsar vi på å arbeid med temaet psykisk helse.

Dei tilsette sin kompetanse vert auka gjennom ulike tiltak. Noko gjeld tiltak retta inn mot heile lærargruppa og andre tiltak mot enkelttilsette. Vi har to tilsette som skuleåret 2018/19 tek vidareutdanning i norsk og ein lærar som tek utdanning i spansk. Vi har også ein tilsett som tek yrkesfaglærarutdanning i restaurant- og matfag for å kvalifisere seg for å kunne undervise i faget mat og helse.

Styrking i helsesøstertilbodet og tilsetting av kommunepsykolog er noko som vi vil nytte til å få auka kompetanse inn mot arbeidet med psykisk helse blant elevane. Arbeidet i samband med satsinga inkluderande barnehage- og skulemiljø, fortsatt satsing på klasseleing og vurdering gjer at vi stadig utviklar oss. Framover vil vi også ha fokus på arbeidet med innføring av nye læreplanar og ei omlegging av spesialundervisinga.



## Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig. 34: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Namn	Rekneskap 2018	Budsjett 2018	Avvik 2018
2100	Fellesutgifter grunnskule	9 827 328	8 826 000	1 001 328
2110	Skodje ungdomsskule	15 587 379	16 066 000	-478 621
Sum:		25 414 707	24 892 000	522 707

Felles grunnskule gjekk med eit stort underskot på grunn av aukande utgifter til spesialundervisning på andre skular enn dei kommunale. Det er også auka kostnader til skuleskyss i med elevar som går på private skular.

Ungdomsskulen hadde eit mindreforbruk i 2018. Mesteparten av dette skuldast lågare pensjonskostnader. I tillegg så har vi i til ein viss grad ikkje erstatta lærarar som har slutta/vore ute i sjukmeldingar, men prøvd så langt råd er å effektivisert drifta. Ved budsjettrevisjon i juni 2018 fikk u utvida si ramme med bakgrunn i eit auka behov knytt til elevar.

Grunnskulen i Skodje driv svært kostnadseffektivt i forhold til kostra-gruppa og er godt under fylkes- og landsnittet når det gjeld netto driftsutgifter til grunnskule. Talet på timar til spesialundervisning er om lag likt med kostra-gruppa og noko høgre enn fylkes- og landsgjennomsnittet.

Fig. 35: Konsern – Grunnskoleopplæring – nøkkeltall (K) etter region, statistikkvariabel og år

Nøkkeltall	Grunnskule	Skodje			Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2016	2017	2018			
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	antall	55,4	52,6	21,5	19,1	21,1	20,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	antall	126,5	126	119,5	133,6	137,6	138,6
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent) <sup>1</sup>	prosent	1,9	3,9	5	4,2	5,2	5,2
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	prosent	10	11,8	12,4	10,3	7,9	8,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	prosent	70	67,8	78,3	71,1	73,4	71
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	prosent	72,5	66,1	70,5	68,1	69,7	68,9
Gruppestørrelse 2 (antall)	antall	17,3	15,8	14,4	13,8	16	15,3
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	antall	42,4	41,8	44,1	41,5	41,7	41,8
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	22,6	22,7	24,5	24,8	23,1	23
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	kr	96	97	108	112	112	116
		110,40	320,40	320,30	125 807,50	430,40	659,90

Fig. 36: Folkehelseprofil 2016 - 2018

Folkehelseprofil Skule	Skodje 2016	Skodje 2017	Skodje 2018	Fylket 2018	Landet 2018
Trivsel på skulen 10. klasse i &	87	85	86	86	86
Fråfall i vidaregåande skule i %	20	22	18	19	21

Elevane sin trivsel på skulen gjekk noko ned frå 2016 til 2017, og den er nå på landsgjennomsnittet. Vi håper at det arbeidet som vert gjort med satsing på MOT, eit inkluderande skulemiljø, psykisk helse og uteområda på skulen vil gje betre trivsel for elevane. Dette sjølvstamt saman med gode faglege utfordringar der elevane kan oppleve mesitring vil være viktig framover. Når det gjeld fråfall frå vidaregåande skule vert det fortsatt viktig å gjere elevane godt rusta til livet etter tida på dei kommunale skulane i Skodje. Tala når det gjeld fråfall i vidaregåande skule syner ein positiv tendens.

Fig. 37: Skuleporten

	Skodje 2016	Skodje 2017	Skodje 2018	Fylket 2018	Landet 2018
<b>Nasjonale prøver 8. klasse</b>					
Engelsk	48	47	52	50	50
Norsk	48	47	51	49	50
Rekning	51	48	51	49	50
<b>Nasjonale prøver 9. klasse</b>					
Lesing	57	51	49	52	53
Rekning	58	53	50	53	54
Grunnskulepoeng - gjennomsnitt	42,4	41,8	45,9	41,8	41,7

Vi ser at ungdomskulen er noko under landsgjennomsnittet det siste året, medan dei som skuleåret 2018 er 10.- klassingar, gjorde det godt på 8. og 9. trinn.

Skodje ungdomsskule hadde høgare gjennomsnittlig grunnskulepoeng våren 2018 enn resten av landet og fylket. Resultatet var særst godt.

**Fig. 38: Sjukefråver 2016 - 2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	1	2	3
2017	1,4	2,7	4,1
2018	0,8	7,4	8,2

Ein ser noko auke i sjukefråværet. Skulen satsar på tett oppfølging av dei som er sjuke både på kort sikt og lang sikt.

### 3.4 Kultur, folkehelse og frivilligheit

#### ***Einingsleiar: Magne Fylling***

Eininga for kultur, folkehelse og frivilligheit har få tilsette, men mange område å følgje opp.

Kultureininga har tilhald på Gomerhuset med kulturadministrasjon, kulturhus- og ungdomskontakt, bibliotek og kulturskule.

I folkehelsearbeidet er oppdraget å koordinere kommunen sin totale innsats innan folkehelse.

Frivilligsentralen blei oppretta i mai 2017 med slikt føremål: Frivilligarbeidet i Skodje kommune skal vere lokalt forankra og drivast ut frå lokale føresetnader og behov. Aktivitetane skal bygge på frivillig innsats, bidra til å skape sosiale møteplassar og legge til rette for lokal frivillig verksemd.

#### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsprogram)**

Ungdomsrådet si rolle i lokaldemokratiet er styrka ved tilsettinga av ungdomskontakt.

Det blei gjennomført Ungdata-undersøking i mars 2017. Tibakemeldingane fortalde oss at det var behov for søkelys på psykisk helse og vidare tilrettelegging av møteplassar.

Konkrete tiltak som er sett i verk er for eksempel ekstra helsesøsterressurs i skulane, besøk av *Helsesista* i januar 2018. Arrangementet som omhandla tema som ungdom og helse fylte kultursalen to gonger; både på kveldstid for vaksne over 16 år, og på dagtid elevar frå 7. -10. trinn.





Vidare er lokale på 500 kvm i Skodje kjøpsenter innreidd til ny, flott ungdomsklubb, opna 3. des 2018. Klubben er open på kveldstid 3-4 gonger pr veke. Vaksentilstadevering er ein kombinasjon av tilsette aktivitetskontaktar (18-19 år) og foreldre/føresette.

Sparebanken Møre si jubileumsgåve på kr 175.000,- blei tildelt ungdomsklubben. Pengane blei brukt til ei eiga skateavdeling, som har vore ønska og etterpurt i lang tid.

Overordna tenking, «Kommune 3»: «Kommune 3.0» er tenkt som ei dreining mot eit lokalsamfunn der innbyggjarane er aktive, engasjerte medborgarar som i samspel med dei kommunalt tilsette tar ansvar for utviklinga av sine nærmiljø. Politikarane si rolle skal no i større grad bli å stimulere aktiviteten i lokalsamfunnet, og dei kommunale medarbeidarane skal vere opptatt av å hente ut ressursane hos medborgarane, skape fellesskap, fasilitere og støtte.

Skodje kommune stiller kommunale bygg gratis til disposisjon for frivillege lag.

Med Gomerhuset, ungdomsklubben og aktivitetssenteret har dette skapt viktige møteplassar for ulike grupper, og mykje ny aktivitet har oppstått av frivillige.

Særleg på Gomerhuset er det mange fasilitetar som stimulerer til aktivitet og frivillig innsats: kultursal med lyd/lys, idrettshall med grunnutstyr, trimrom, kjøkken knytt til kantina, bord og stolar til arrangement, e-billettssystem, betalingsterminal, mulegeheiter for både fast og tilfeldig leige, kommunalt betalt reinhald, kommunal FDV, kontorfasilitetar for frivillige, tilsette som stiller opp også kveld/helg for brukarar som ikkje er kjent på bygget, låsekort, nøklar og låsesystem tilpassa tenkinga om å gje tilgang til alle som bidrar til positiv aktivitet i kommunen.

Idrettslag og velforeiningar har mange prosjekt på gang. Kommunen kan støtte med avklaring av grunnforhold og tilskotssøknader.



Nærmiljøanlegg som ballbingar og turstiar/-veggar er gjennomført, og fleire er på gang.

I 2018 blei det bygt ballbinge på uteområdet til Brusdal skule, eit resultat av samarbeid mellom Møre barne- og ungdomsskule og Brusdal idretts- og velforeining.

Valle idrettslag og Glomset idrettslag fekk bygt ferdig turvegen mellom Valle og Glomset.

Elles har også kommunen eigne prosjekt på gang som gjeld møteplassar/aktivitetsområde.

Badeplassen på Fylling blei gjort meir tilgjengleg gjennom arbeidet med krisevassforsyninga; flott veg ned til badeplassen, toalett og påkjøring av sand. Den flotte sommaren vi hadde i 2018 gjorde at badeplassen blei mykje brukt.

Elles er det blitt flott tursti frå Høgsætra til Svartevatnet (Skodje si drikkevasskjelde). Det kom i stand ved arbeid med utskifting av vassleidningsrør i den aktuelle strekninga.

På Håhjem friluftslivsområde blei parkeringsplassen i 2018 utvida mykje. Arbeidet blei i sin heilskap finansiert av statlege tilskot i samband med at området er statleg sikra friluftslivsområde.

Ved Skodje Dampskipskai blei det i forståing med grunneigarane lagt ut ny flytebrygge. Den skal ha funksjon både som gjestebrygge for båtar, og som utgangspunkt for bading. Arbeid og kostnader blei delt mellom Skodje kommune og friluftsrådet.

Skodje kommune v/kultur koordinerte den landsomfattande strandryddeaksjonen; Hold Norge Rent, lagt til veka rundt 1. mai. Skular, barnehagar, flyknigetenesta, frivillige lag og frivillige enkeltpersonar deltok i strandryddinga. NRK hadde nasjonal sending frå Murvika torsdagen i denne aksjonsveka.

Arbeidet med Bygdebok, allmennsoge for Skodje kommune er eit samarbeidsprosjekt mellom kommune og sogelag. Kultursjefen er sekretær i Bygdeboknemda. Forfattarane er godt i gong med skrivearbeidet. Etter oppsett framdriftsplan skal bøkene bli trykt hausten 2021.

Kultureininga koordinerer kulturveka og familiedagen som startar adventstida (Julemarknad, julegrantenning mm). Kulturveka 2019 blir nr 10 i rekka.

Kommunen har også oppretta fleire plattformer der marknadsføring av kulturarrangement skjer: Gomerhuset si heimeside, Facebook (Det skjer), IKA sin kulturkalender, skjermar på Gomerhuset.

Pensjonistlaget søker midlar gjennom kommunen til Den kulturelle spaserstokken, og fekk i 2018 kr 40.000,-. Midlane blir brukt til å tilrettelegge for kulturopplevingar for eldre, herunder m.a. fire arrangement på omsorgssenteret.

Det er nedsett eit oppgåveutval for frivilligheit. Utvalet inviterte til Idekafe på Gomerhuset, og om lag 25 personar kom til idekafeen. Innspela frå arbeidsverkstaden vart sortert i kategoriane: Informasjon, Aktivitet, Møteplassar/fysisk tilrettelegging, Samarbeids-arenaer/organisering og Anna. Eitt av mange konkrete forslag var å ivareta Skodjemodellen rundt samarbeid kommune, frivilligheit, kultur i ny kommune. Skodje sine representantar i styringsgruppe og faggrupper følgte opp dette.

Eining for kultur og folkehelse har ansvar for samordning av folkehelsearbeidet. I det ligg å vere sekretariat for ei breitt samansett styringsgruppe som gjennom analyse og drøfting løftar fram område det bør gripast fatt i.

I tillegg ligg det ei forventning om at alle tenesteområde skal gjere analyser og drøfte folkehelseutfordringar innan eigne område. Styringsgruppa for folkehelse fekk vedteke mange forslag til mål og tiltak inn i kommuneplanen sin Handlingplan 2018.

Kultureininga har i 2018 vore koordinator for arbeidet kartlegging og verdisetjing av friluftsområda i Skodje kommune. Arbeidet er del av ei nasjonal satsing, er gjennomført i tett samarbeid med Friluftsrådet, representantar frå den politisk leiinga, interesseorganisasjonar og kommuneadministrasjon.

### Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig. 39: Budsjett – reknskap 2018**

Ansvar	Eining	Reknskap	Budsjett	Avvik
1500	Kultur	2 792 321	2 789 440	2 881

Eininga har halde budsjettet for 2018.

**Fig. 40: Sjukefråver 2015-2017**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	0,4	2,2	2,6
2017	1	3	4
2018	0,5	1,1	1,6

## 3.5 Helse- og omsorgseininga

### ***Einingsleiar: Per Løkkeborg***

Helse- og omsorgseininga (HOME) består av avdelingane Skodje omsorgssenter (SOMS), Heimebasert omsorg (HBO) og Helsesenteret.

Einingane leverer følgjande tenester: Lege-, jordmor-, helsestasjon-, rus- og psykiatri-, heimbasert-, institusjonstenester. SOMS og HBO er lokalisert til Skodje omsorgssenter og Helsesenteret ligg i same bygg som rådhuset.

### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

Ein har i løpet av 2018 utlyst fleire ledige fagstillingar innan ulike delar av eininga. Ein har diverre ikkje klart å rekruttere kvalifisert søkar til psykiatrisk sjukepleiar. For å kompensere noko på dette

valde ein å lyse ut stilling som kommunepsykolog, og fekk her kvalifisert søkar som tok til på slutten av 2018. I tillegg engasjerte ein to pensjonerte psykiatrisk sjukepleiarar i deltidstilling.

For alle andre stillingar i eininga har ein fått godt kompetente søkarar.

Hausten 2016 søkte ein fylkesmannen om prosjektmidlar til kommunalt rusarbeid. Vi fekk eit tilskott på kr. 610.000,- til dette. Der vart og søkt for 2017, og ein fekk då innvilga 930.000,-kr. Dette har ein fått vidareført i 2018 med 840.000,- kr.

Der vart i 2016 nedsett ei arbeidsgruppe av kommunestyret som skulle sjå nærare på tilbodet til personar med demens i kommunen. Arbeidsgruppa var samansett av pårørande, politikarar, tilsette og personar i frå administrasjonen. Arbeidet munna ut i ein rapport for kva tiltak ein bør setje i verk. Arbeidsgruppa avla ein delrapport før jul 2016, medan full rapport vart levert i 2017. Her konkluderte ein med at ein burde opprette demenskoordinator, og eit dagsentertilbod for heimebuande personar med demens. Dette vart gitt løyvingar til i budsjett for 2018. I mai 2018 fekk ein starta opp med dagsenteret. Og dette har vorte eit attraktivt tilbod. Dagsenteret har vorte drifta saman med Ørskog kommune sitt dagsenter. Dette har vore nyttig då ein har fleire tilsette å spele på.

Velferdsteknologi vart sett på kartet i 2016. Tilsette har vore med i eit interkommunalt undervisningsopplegg i regi av ALV Møre og Romsdal omkring innovative offentlege anskaffelsar. Dette har gitt oss god kompetanse innanfor feltet. Og eininga har vore aktiv i høve å utarbeide eit konkurransegrunnlag for anskaffelse av varslingsanlegg for institusjon og omsorgsbustadar. Vidare vil velferdsteknologi og vere ein viktig satsingsarena for heimetenestene framover, og her er eininnga proaktiv og har etter kvart opparbeide seg god kompetanse. Arbeidet med å få nytt varslingsanlegg til SOMS vart starta i 2017. Eit arbeid som no er ferdigstillt. Saman med dei andre kommunane i nye Ålesund sendte ein inn ein søknad om å ta del i Nasjonalt program for velferdsteknologi. Her fekk ein innvilga midlar til ei stilling. Dette arbeidet skal gå på implementering av velferdsteknologi. Tilsette har og vore med på ulike opplæringar, blant anna innan demens og velferdsteknologi. På SOMS og i Hbo har ein oppretta ressursgrupper innan ulike arbeidsfelt. Dette er grupper på tvers av avdelingane.

Helsestasjonstenesta har vore særst lågt bemanna i høve til aldersgruppa den skal yte tilbod til, over lengre tid. I samband med budsjett for 2018 fekk ein auka denne kompetansen med ei 60 % stilling. Sjølv med denne styrkinga vil ein ligge lågt i høve samanliknbare kommuner. Tilsett tok til i stillinga i mai 2018, og har si hovudoppgåve innanfor skulehelsetenesta.

Kommuneoverlegen har hatt permisjon i 2018, og sa seinare opp si stilling. Dette gjer at ein har tilsett ny lege i denne stillinga, samt rekruttert ny fastlege. Dette har gått greitt for Skodje kommune, sjølv om ein del kommuner rapporterer om vanskar med å rekruttere fastlegar.

Jordmor sa og opp stillinga si i 2018, men her og fekk vi raskt rekruttert til stillinga.

Arbeidet med nye omsorgsbustadar heldt fram i 2018. Eininga sit i byggenemnda og sit i referansegruppa. Dette vil verte eit løft for tenesta, der vi vil få langt meir tilretteleage bustader. Noko som har vore eit sagn. Dette vil gjere at personar kan bu lenger i eigen bustad, verte meir sjølvhjelpet og utsette behovet for institusjonsplass. Arbeidet vart lagt ut på anbod i 2017, og ein inngjekk avtale med Veidekke som hovudentreprenør. Bustadane skal stå klar til innflytting i mai 2019.

Eininga har hatt lærling, personar i språkpraksis, samt flyktningar i arbeidspraksis også i 2018.

## Aktuell statistikk og indikatorar for eininga:

**Fig. 41: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Namn	Rekneskap	Budsjett	Avvik
3100	Helsesenter	11578810	12 237 555	-658 745
4100	Heimebasert omsorg	19 633 871	20 993 202	-1 359 331
4200	Skodje sjukeheim	23 630 802	22 474 343	1 156 459
<b>Sum</b>		54 843 483	55 705 100	-861 617

Ein såg ut på hausten 2018 at eininga ville gå med eit betydeleg mindreforbruk. Dette gjorde at ein i ei budsjettrevisjonssak overførte kr 3.800.000,- til andre einingar. Likevel gjekk eininga med eit mindreforbruk totalt på kr 861.617,-. Dette syner at det har vore særskild god økonomistyring i alle avdelingar. Kan sjå ut som Skodje sjukeheim har gått ut med eit meirforbruk, men dette kjem av at ramma til eininga vart endra i budsjettrevisjonen, og at alt vart ført på denne avdelinga.



**Fig. 42: F1. Konsern – Pleie og omsorg – nøkkeltall (K) etter region, statistikkvariabel og år**

Nøkkeltall	Helse- og omsorg	Skodje			Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2016	2017	2018			
		2016	2017	2018	2018	2018	2018
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	24 079	25 097	26 276	31 136	27 206	30 350
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	årsverk	285,9	281,5	264,2	328,7	311,5	354,3
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	prosent	31,4	31,4	31,8	30,1	31,9	35,9
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	prosent	66,7	68,5	67,4	73,1	74,8	74,6
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent) <sup>1</sup>	prosent	100	100	100	91,2	89,7	90,8
Andel private institusjonsplasser (prosent)	prosent	0	0	0	0	5,4	0
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	4,2	4,3	4,8	5,2	4,8	4,6
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	10,7	10,7	10,3	11,5	11,3	11,7
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	6,4	6,4	8,4	10,1	9,5	9
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	årsverk	23,5	23,6	15,7	36,8	42,1	41,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	prosent	88,5	82,1	95,1	92,3	90,1	93

Vi ligg høgt i netto driftsutgifter innan pleie og omsorg. I desse tala må ein hugsa at vi er vertskommune for psykisk utviklingshemma.

Elles ser ein at vi ligg lågt i tal mottakera av heimetenester i alle aldrar. Men når dei først får tenester, treng dei mykje. Noko av dette bilete er og at nokre få får veldig mykje tenester.

Tabellen her syner og at vi har sær s låge utgifter til helsestasjon/skulehelseteneste. Netto driftsutgifter ligg lågt både i aldersgruppa 0-5 år og 0-20 år. Dette har betre seg noko i 2018 då ein i budsjettbehandlinga fekk styrka denne tenesta. Men framleis vil ligg godt under kommunegruppe og landet. Dette gjev stor slitasje på personalet. Noko som og gjev langtidssjukefråvær.

Elles ligg ein høgt i listelengde til fastlegane. Dette gjev seg utslag i høgt arbeidspress for legane, og kan gje slitasje over tid.

**Fig. 43: Sjukefråver 2016-2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	2,6	9,2	11,8
2017	2,3	6,6	8,9
2018	2,7	5,2	8

Sjukefråværet har fortsatt å gå ned i helseeininga, og spesielt langtidsfråværet ligger no langt under landsgjennomsnittet. Det vart sett inn spesielle tiltak i 2017 og 2018, og det ser ut til å ha hatt effekt.

### 3.6 Prestemarka bu- og dagtilbod

#### ***Einingsleiar: Eirik Frøystad***

Prestemarka bu- og dagtilbod yter helse- og omsorgstenester til over 35 tenestemottakarar med ulike behov, dei fleste med diagnosa utviklingshemming. Tenestene vert gitt i form av eit dag-, bu-avlastning- og aktivitetstilbod. Prestemarka skal vere ein stad for trivsel, meistring og utvikling for våre brukarar. Dette ut i frå den einskilde tenestemottakar sine føresetnader, ønskjer og behov. Vi har stort fokus på kompetanse og har pr i dag 3 ansatte på deltidsutdanning innan Vernepleie og 3 stk innan Helsearbeiderfaget.

#### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

For å halde eininga oppdatert, vere attraktiv og ikkje minst konkurransedyktig innanfor arbeidsmarknaden har Prestemarka i 2018 vidareført det vi starta i 2016-2018 og søkt dispensasjon for langturnusar (14 og 16 timar) og fått innvilga dette frå Kompetansesenteret i Trondheim. Vi starta i februar 2017 med innføring på to team og har vidareført dette til to nye team. Hovedårsaken til denne innføringa er å auke stabiliteten og kvaliteten rundt brukar, samt gjere Prestemarka meir atraktiv for søkerar med høgare kompetanse, da dei ofte søker etter gode arbeidstidsordningar. Vi ser på søknadsmassen no at det er ei positiv endring. Dette med langturnus er ei frivillig ordning for tilsette. Vi ser også i evaluering at mange ansatte som var litt spent på korleis det ville vere å gå langturnus, i ettertid rosar den type arbeidstidsordning.

Prestemarka jobbar systematisk med alle tilsette for å auke kvaliteten på våre tenester. Vi har fire tjenestemottakarar som har vedtak om tvang. Her ligg det føringar frå Fylkesmannen i forhold til kompetansekrav på ansatte for å få jobbe med disse. Vi arbeider aktivt for at ansatte får best mogleg opplæring i tvang, både på generell og individuelt nivå. Prestemarka yter også voksenopplæring til 12 elevar med spesialpedagogikk, og vi har i dag tre spesialpedagogar tilsett.

Prestemarka er fortsatt lærlingbedrift i Helsefaget og tek i mot 1. års lærling kvart år. Lærlingen er på Prestemarka i opplæring eitt år, deretter eitt år opplæring på SOMS.

## Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig.44. Budsjet – rekneskap 2018**

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjet	Avvik
4300	Prestemarka dagsenter	11 301 873	9 548 959	1 752
4310	Butilbod funksjonshemma	26 615 590	27 897 720	- 1 282
	<b>SUM</b>	<b>37 917 463</b>	<b>37 446 679</b>	<b>470</b>

Prestemarka bu- og dagtilbod hadde for 2018 eit meirforbruk. Hovedsakleg skuldast dette endring i brukarmasse og auke av ressursinnsatsen for å møte deira behov som til dømes ei auke i avlastning og aktivitetskontakt (Prestemarka dagsenter).



*Karneval på Dagsenteret*

**Fig. 45: Sjukefråver 2016-2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	3,1	6,8	9,9
2017	2,3	6,7	9
2018	3,5	11,4	14,9



Prestemarka har i 2018 hatt fokus og tett oppfølging kring sjukefråver. Vi har eit tett samarbeid med NAV og jobbar aktivt for å legge til rette arbeidssituasjonen når tilsette er i sjukmelding. Tilretteleggingstilskot og andre verkemidler vert nytta aktivt.

### 3.7 Koordinerande eining (KE)

#### ***Einingsleiar: Camilla Almås***

Koordinerande eining svarer på spørsmål, gir rettleiing, og tek i mot søknadar om helse- og omsorgstenester og tildeler tenester i samsvar med lov om kommunale helse- og omsorgstenester.

På den måten ønskjer kommunen å sikre tverrfagleg og heilskapeleg vurdering av søkaren sine hjelpebehov og lik tilgang på tenester uavhengig av kor i kommunen ein bur, og at innbyggjarane har ein stad å vende seg i høve helse- og omsorgstenester.

I tillegg oppnevner KE koordinatorar og sørger for at arbeidet med individuell plan er sett i system.

Fysioterapi er organisert i KE, med to 50% kommunale fysioterapeutar, og to privatpraktiserande fysioterapeutar. I oktober 2018 starta vi prosjektet «med kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi inn i framtida», som er eit samarbeid mellom fysioterapitenesten og heimebasert omsorg. 50% stilling som prosjektleiar er organisert i KE.

#### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

Det har vore eit godt samarbeid med dei andre einingane, og faste evalueringar gjer at tenestene som tildelast er på rett nivå til rett tid. Brukaren står i fokus, og i tildeling av tenester vert det tatt utgangspunkt i brukaren sine ressursar. Ein ønsker at brukaren skal greie seg i eigen heim lengst muleg, og prøver å legge til rette for det.

Kompetanseheving har vore i fokus. Dette året har vi gjennomført Velferdsteknologiens ABC og hatt ansvar for undervisning av 25 tilsette i kommunen saman med prosjektgruppa for velferdsteknologi. Det har blitt gjennomført leiarutviklingsprogram «kultur for leiarskap» del 2 i regi av Hege Steinsland på tvers av einingane innan helse og omsorg. Ein sakshandsamar har deltatt i prosjekt pasientforløp i regi av KS og folkehelseinstituttet. Ein fysioterapeut gjennomførte siste del av kurs i barnefysioterapi og tok tillitsvaldopplæring. Prosjektleiar for kvardagsrehabilitering har, saman med prosjektgruppa si, vore på kurs i dette samt hospitert hos fleire av nabokommunane som driv med kvardagsrehabilitering.

#### **Aktuell statistikk og indikatorar for eininga**

**Fig. 46: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
1250	KE	5 314 000	5 436 000	-122 000

Økonomistyringa har vore god. Endringar i brukarmassen har ført til eit mindreforbruk i eininga.

**Fig. 47: Sjukefråver 2016 - 2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	2,6	2	4,6
2017	1,6	5,3	6,9
2018	2,8	2,7	5,5

Eininga er lita, og sjukefråver kan gje store utslag på fråversstatistikken.

### 3.8 Eining for integrering og kvalifisering

#### ***Einingsleiar: Kristian Skålhavn til 12.06.2018/Camilla Almås frå 13.06.2018***

Eining for integrering og kvalifisering (EIK) har hovudansvaret for introduksjonsprogrammet som kommunen pliktast å tilby for flyktningar busett i Skodje. I samsvar med krava i introduksjonslova uarbeidar vi saman med brukaren eit individuelt program for alle deltakarane, med ei tidsramme på opp til to år og med moglegheit til å utvide med eitt år til. Målet er å kvalifisere deltakarane til arbeid eller vidareutdanning. Like viktig som det formelle kvalifiseringsløpet, er å integrere flyktningane inn i lokalsamfunnet. Her spelar heile lokalsamfunnet ei viktig rolle og eininga bidreg med å skape møteplassar mellom frivilligheita, lokale lag og flyktningane.

#### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

2018 var EIK sitt andre år som sjølvstendig flyktningteneste for Skodje kommunen. Det har vore eit godt samarbeid med dei andre einingane, frivilligheita og andre lokale samarbeidspartnare (både kommunale og private), som har bidrege til auka tilbod i høve lokale programretta tiltak. Dette har også vore med på å legge til rette for ei naturleg integrering av programdeltakere i lokalsamfunnet. Programdeltakere har vært med på lokale dugnader, TV aksjonen og fleire fora for treff med andre innbyggjarar. Til dømes Skodje frivillige akitvitetscenter, internasjonal kafe, diverse praksisplasser m.m.

EIK har elles også aktivt delteke i arbeidet med oppgåveutval for frammadspråklege innbyggjarar.

Vi har hatt fokus på folkehelse via etablering av eit samarbeid med LHL (dugnadsarbeid), eit treningstilbod for alle programdeltakere ved Puls'n treningssenter, og tett samarbeid med rus- og psykiatritenesta som har ført til tilbod om individuelle samtaler med programdeltakere som ønsker det. Elles har vi fokus på migrasjonshelse i ankomstrutinene våre, og ber undervisningsleverandørane våre også ha fokus på temaet. Barnevernet, rus- og psykiatritenesta og helsestasjonen involverast også direkte som innleiarar i undervisningstiltak, som er i regi av EIK i sommerperioden når vaksenopplæringa held stengt. I 2018 vart det gjennomført foreldrerettleingsprogram (ICDP) for eit utval av programdeltakarar i samarbeid med barneverntenesta.

Tilsette i EIK har delteke på integreringsverksted i regi av IMDI, og medverkar i regionale nettverksmøte. Eininga er medlem av FFKF (faglig forum for kommunale flyktningsarbeidarar) – som gjer at ein kan drøfte faglege spørsmål med kollegaer rundt omkring i landet.

## Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig. 48: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
1900	Eining for intergrering og kvalifisering (EIK)	8 795 943	10 100 000	- 1 304 057

Kommunen vart ikkje spurt om å ta imot nye flyktningar i 2018, men fekk på tampen av året ei ekstraordinær busetting. I tillegg har det vore familieeigenforening med totalt 3 (2 vaksne og 1 barn).

Gjennom året har ein hatt noko vakanse i stilling og hatt tilsette i fødselspermisjonar, som har redusert introduksjonstønadutgiftene og medført mindre bruk av individuelle utdanningstiltak enn forventa. Det er i perioden forhandla fram nye avtalar med vaksenopplæringa og Brisk. Dette har medført mindre kostnader enn budsjettet.

I 2018 avslutta EIK 10 deltakarprogram med følgjande status:

- 3 deltakar i grunnskoleopplæring for vaksne
- 2 deltakarar i vidaregående utdanning (hh. VGS og universitet)
- 1 deltakar i arbeid (heiltid)
- 4 deltakarakarar i arbeidsretta tiltak i regi av NAV

Eininga har berre to tilsette noko som gir store utslag ved sjukefråver. Sjukefråveret var noko høgare i 2018 enn i 2019.

## 3.9 Storfjorden barnevern

### ***Einingsleiar: Lene Solheim***

Storfjorden barnevern er ei interkommunal eining, der Skodje er vertskommune. Dei andre kommunane i samarbeidet er Ørskog, Stordal og Norddal. Eininga har også SLT-funksjon som gjev eit særleg ansvar for å koordinere rus og kriminalitetsførebyggjande arbeid i kommunen, og dei tilsette deltek dermed i førebyggjande fora.

Storfjorden barnevern har ei stabil personalgruppe. Sjukefråver er knytt til forhold utanfor arbeidsplassen. Ved rekrutering av vikarar og nyttilsetjingar har eininga hatt gode og kompetente søkjarar. Dei tilsette rapporterer om godt arbeidsmiljø og ein arbeidsplass som er utviklende og attraktiv. Storfjorden barnevern fekk arbeidsmiljøprisen i 2018.

## **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

Barneverntenesta sitt arbeid er heimla i Lov om barnverntenster av 1992. Førmålet med lova er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid, og bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår.

Det vert arbeidd jamt med kvalitet på tenestetilbodet, i tråd med retningslinjer frå direktoratet og i samsvar med måla i handlingsplanen. Storfjorden barnevern har i stor grad opprettholdt ei spesialisert organisering av arbeidet, for å nyttegjere kompetansen på best mogleg måte for brukarane. Gjennom rekrutering og vidareutdanning er kompetansen også styrka i løpet av 2018, særleg innimot metodisk og evidensbasert arbeid. Vi har fokus på familieterapeutisk tilnærming, traumebevist omsorg, utvikling av samspel mellom foreldre og barn, og foreldreleing. Arbeid etter enkeltvedtak er hovedprioriteten i eininga. Storfjorden barnevern er Mitt Liv- barnevern, som gjer at barn og unge har vorte utfordra til å vere meir deltakande i eiga barnevernsak.

Kapittel 4 i lova heimlar særlege reglar for arbeidet med enkeltbarn og kva tiltak som barneverntenesta skal settje iverk etter enkeltvedtak. Storfjorden barnevern drifrar både saksbehandling og utøver naudsynte tiltak. Det vert i liten grad kjøpt tenester.

Det er jamleg fokus på å finne tiltak som er økonomisk og økologisk berekraftige. Bruk av økonomiske verkemiddel vert sett i samfunnsøkonomisk perspektiv, og særleg for barn som har budd i fosterheim, på institusjon, eller lever i lavinntekstfamiliar kan få ekstra bistand for å sikre overgang til sjølvstende og eigenomsorg. Dette i samarbeid med NAV.

Kapittel 3 i barnevernlova omhandlar kommunen og barneverntenesta sine generelle oppgåver, og dermed ansvaret for å samhandle med andre einingar ikommunen på ulike førebyggjande nivå. I følgje kommunen sitt handlingsprogram skal barneverntenesta aktivt bidra inn mot desse måla og dele kunnskap med andre som arbeider med barn og unge.

Barneverntenesta har i 2018 forebyggjande tiltak for familiar der barnet ikkje har enkeltvedtak om tiltak i barneverntenesta:

- Samarbeid med kommunen si politikontakt, og med politiet si forebyggjande avdeling.
- Samarbeid med psykiatri og rusteamet, i familiar der barn/unge er involvert i vanskebiletet. Familieterapeut deltek i familiesamtalar etter behov, i avgrensa omfang.
- Barneverntenesta tilbyr barnvehageforeldre gruppekurs i foreldreveieningsprogrammet COS-P. Dette vil bli eit årleg tilbod.
- Barneverntenesta arbeider med ICDP- som helsefremjane og førebyggjande metode i omsorg for barn. ICDP er ein metode for å styrkje samspel mellom barn og vaksne. Vi har styrkja kompetansen i eininga, og søkt samarbeid med barnehage, helsestasjon og Eining for integrering og kvalifisering, for å spreie kunnskapen til foreldre.
- ICDP- Gruppetilbud for foreldre med framandkulturell bakgrunn og som allment førebyggjande tiltak er gjennomført i 2018 og vil bli vidareført som årleg tiltak.
- Barneverntenesta innfrir søknad om Familieråd, til barn og unge som har utfordringar i heimen der ordninga kan nyttast.
- Tverrfaglege team i skular og barnehagar, er opprettholdt.

## Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig. 49: H1. Konsern – Barnevern – Nøkkeltall (K) etter region, statistikkvariabel og år**

Nøkkeltall	Barnevern	Skodje			Kostragruppe 01	Landet uten Oslo	Møre og Romsdal
		2016	2017	2018			
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år (kr)	kr	6 728	7 064	5 889	7 564	8 326	6 819
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	3,8	3,7	4,1	4,4	4,5	3,8
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	4,4	4,1	4,6	5,1	4,8	4,1
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (prosent)	prosent	4,5	5,1	5,2	4,5	3,9	4,1
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	kr	69 830	76 139	74 198	58 266	49 940	50 281
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)	kr	49 150	28 020	37 218	35 648	39 560	32 703
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	kr	357 462	449 636	439 571	349 390	442 356	378 832
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244) (antall)	antall	27,6	32,6	34,2	22,8	19,1	19,1
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader (prosent)	prosent	94	72	95	81	87	80

Barnevernet har høge utgifter til barn som bur utanfor heimen. Fosterheimar vert tilbydd tett oppfølging, og resursbruken her er styrka. Barn vert tilbydd å bu i fosterheim også etter fylte 18 år, fram til dei er ferdige med vidaregåande skule dersom dette er føremålstenleg.

**Fig. 50: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
3220	Storfjorden barnevern	8 868 080	9 800 000	- 931 920

Eininga har halde budsjettet i 2018, med eit mindreforbruk som i hovudsak er knytt til lågare kostnader til omsorgsovertaking enn det som var budsjettert med.

**Fig. 51: Sjukefråver 2016 - 2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	2,4	4,4	6,8
2017	2,2	1,9	4,1
2018	1,4	13,3	14,7

Storfjorden barnevernteneste har få tilsette og slik sett vil ein ei sjukmelding kunne gjer store utslag. Eininga har i 2018 hatt eit lågare korttidsfråver, men auka långtidsfråver.

### 3.10 NAV Storfjorden – Skodje

#### ***Einingsleiar: Anne Jorun Søyholt***

NAV Storfjorden yter tenester for kommunane Norddal, Stordal, Ørskog og Skodje. Dei tilsette er både statlege og kommunale. Skodje kommune har sidan 01.01.2017 vore vertskommune for NAV Storfjorden.

#### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

I 2018 har NAV Storfjorden fokusert på inkluderingsdugnaden og korleis vi kan bidra til realisering av den. Vi har arbeidd for at flest mogleg skal kunne stå i ordinært arbeid og arbeidsretta aktivitet. Vi har hatt fokus på samhandling med næringslivet i regionen for å utvikle dette samarbeidet vidare, blant anna gjennom systematiske bedriftsbesøk. Vi har formidla arbeidskraft til bedrifter med rekrutteringsbehov, gitt tilbod til verksemder i oppfølginga av sjukmelde og fylgt opp verksemder som tilsett menneske med nedsett arbeidsevne. Leiar i NAV Storfjorden har vore sekretær i Skodje Næringsforeining, og på denne måten kome tettare på næringslivet i kommunen.

NAV Storfjorden har bidratt med tilbod om avklaring, kvalifisering og oppfølging til personar med bistandsbehov som står utanfor arbeidslivet, eller som treng bistand for å behalde arbeid. Vi har samarbeidd med andre kommunale aktørar om eit koordinert tilbod til brukarane, blant anna ROP-teamet og legetenesta. Vi har hatt fokus på tilhøva for sosialt og økonomisk vanskelegstilte, og blant anna arbeidd for at alle skal ha butilhøve som skal fremje velferd og samfunnsdeltaking.

Barneperspektivet er viktig, og gjennom vurderingane som vert gjort i møte med foreldre bidreg dei tilsette i NAV Storfjorden til at barn og unge vert sikra trygge oppvekstvilkår og deltaking i alminnelege aktivitetar. NAV Storfjorden har arbeidd kontinuerlig med kompetanseutvikling for å levere best mogleg tenester til brukarane, og frå slutten av 2018 har fokuset vore på grupperettleiing som arena for kompetanseutvikling og trygging av rettleiarane.

Unge under 30 år har ei særskilt prioritering i NAV, og gjennom ungdomsinnsatsen skal unge sikrast raskare oppfølging frå NAV-kontoret for å kome i arbeid eller fullføre utdanning. Skodje kommune har sidan 2017 styrka staben i NAV Storfjorden med ein eigen tilsett som har hatt oppfølging av ungdom, spesielt knytt til aktivitetsplikta etter Lov om sosiale tenester i NAV. Dette har gitt gode resultat. Vi har også arbeidd mot eit tettare samarbeid med flyktingtenesta for å sikre overgang til arbeid eller skule etter fullført introduksjonsprogram. Saman med EIK har vi utarbeidd tydelegare rutiner for å få til dette.

NAV Storfjorden har fokus på kanalstrategien, som inneber att brukarane av NAV sine tenester vil få auka kvalitet i møte med NAV dersom vi lukkast med å henvise til rett kanal i NAV og at NAV-kontoret prioriterer gode brukarmøter med tema arbeid. Nye digitale tenester skal vere effektive for personbrukarar og arbeidsgivarar, og støtte opp om målet om arbeidsretting og betre kvalitet på NAV sine tenester.

## Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

Fig. 52:: Budsjett – rekneskap 2018

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
3175	NAV Storfjorden - Skodje	4 547 018	4 835 000	- 287 982

NAV Storfjorden hadde eit mindreforbruk i 2018. Avviket skyldast i hovudsak at Skodje kommune sin andel av fellesutgiftene for vertskommunesamarbeidet vart lågare enn budsjettert. Forbruket på økonomisk sosialhjelp har vore høgare enn budsjettert for 2018, men viser likevel ein reduksjon på ca kr. 300 000,- frå 2017 til 2018.

Fig. 53: G1. Konsern – Sosialtjenesten – nøkkeltall (K) etter region, statistikkvariabel og år

	Skodje	Kostragruppe 01	Landet uten Oslo
	2018	2018	2018
Sosialhjelpsmottakere	98	1633	120071
Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år	20	301	24253
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp i 6 måneder eller mer	27	503	44476
Sosialhjelpsmottakere med arbeidsinntekt som hovedinntekt	8	175	12675
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp som viktigste kilde til livsopphold	35	607	50345
Sosialhjelpsmottakere som bor i eid bolig	16	246	9266
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp	60	952	62347

Skodje kommune har dei siste åra hatt aukande etterspørsel etter sosiale tenester. Kommunen har eit ungt og aukande innbyggjartal, og har sidan 2015 hatt busetting av flyktningar. I 2018 har arbeidsløysa i Skodje kommune vore låg, men vi har ein arbeidsmarknad som stiller strengare krav til formell kompetanse enn tidlegare. Dette gjer inngangen til arbeidslivet vanskeleg for mange.

Frå 2017 til 2018 er imidlertid utgiftene til økonomisk sosialhjelp noko redusert, og talet på personar som har hatt bruk for økonomisk sosialhjelp er lågare enn tidlegare år. Det er blant anna nesten ei halvering av talet på personar under 30 år som har motteke økonomisk sosialhjelp i 2018. Dette ser vi blant anna som eit resultat av Skodje kommune sin ekstra ressurs til oppfølging av ungdom. Gjennom aktivitetsplikta etter Lov om sosiale tenester i NAV får ungdom som søker om økonomisk sosialhjelp raskt tilbod om arbeidsrelatert aktivitet.

Sjølv om utgiftene til økonomisk sosialhjelp har vore lågare i 2018 og talet brukarar er redusert, har den gjennomsnittlege stønadslengda auka litt. Det er mange brukarar som mottek supplerande sosialhjelp i kombinasjon med tiltakspengar medan dei er i arbeidsrelatert aktivitet som

arbeidstrening. På slutten av 2018 var det igjen aukande utbetaling av økonomisk sosialhjelp, noko som truleg vil vare inn i 2019.

**Fig. 54: Sjukefråver 2016 - 2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	1	3,8	4,8
2017	0,4	0	0,4
2018	2,1	4,2	6,3

Skodje kommune er vertskommune for NAV Storfjorden, og talet har auka frå to til fem kommunale årsverk frå 2017. Det er fire kommunalt tilsette i NAV Storfjorden, i tillegg har Skodje kommune styrka staben i NAV Storfjorden med ein tilsett. I 2018 har sjukefråveret vore høgare enn tidlegare år.

### 3.11 Tekniske tenester

#### ***Einingsleiar: Frode Helland***

Teknisk avdeling sine ansvarsområde er i hovudsak overordna planarbeid, handsaming av reguleringsaker og dispensasjonsaker, Byggesakshandsaming, kart og oppmåling, brann og redning, det kommunale vegnett, vassforsyning og kommunaltekniske anlegg. Teknisk avdeling har også ansvar for dei kommunale formålsbygga, reinhaldtenesten og i hovudsak vedtekne investeringsprosjekt i kommunen.

Det er 7 tilsette i administrasjonen og 6 tilsette på driftsavdelinga.

#### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsprogram)**

Teknisk avdeling har i perioden m.a. hatt fokus på rullering av kommuneplanen sin arealdel. Administrasjonen har arbeidd tett på politisk leiing i denne prosessen.

Kommunen har i 2018 stått for gjennomføring av utbyggingsprosjekt for døgnbemanna omsorgsbustader. Ådalen allé har 24 leiligheter og er lokalisert i Skodje sentrum. Prosjektet har eit totalbudsjett på 90 mill. der 33 mill. er tilskot frå Husbanken. Prosjektet er gjennomført som totalentreprise og Veidekke Entreprenør AS er entreprenør. Byggestart var desember 2017 og planlagt overlevering er 15. mai 2019.

Skodje kommunale vassverk har i 2018 fått eit stort løft med utbygging av krisevassforsyning og utskifting av hovudleidning for vassverket frå Storsætra til Svartevatnet. Veidekke AS er totalentreprenør på anlegget. Det er også slutført ny krisevassforsyning frå Fyllingsvatnet.




Oppgradering av den kommunale vassforsyning omfattar etablering av eit nytt høgdebasseng i Lia. Det nye anlegget skal erstatte eksisterande anlegg og inneber ei dobling i volum. I 2018 utarbeidde vi tekniske planer for anlegget og det vart gjennomførte grunnkjøp.

Utbygging av Skodje barneskule ligg inne i økonomiplan for 2018-2020 med ei total kostnadsramme på 91 mill. Prosjektet er forventa ferdigstilt i 2020. Norconsult har vore engasjert til utarbeiding av rapportar for avklaring av utbyggingsbehovet ved grunnskulen.

Elevtalsframskrivinga for Skodje kommune tilseier kraftig vekst i elevtalet i åra frametter. Store kull i førskulealder gjev stor elevtalsauke i grunnskulen. Veksten vart gjeldande frå og med skuleår 2015/16, og vil venteleg vekse progressivt i heile framskrivingsperioden. Skodje barneskule har 17 klassar inneverande skuleår. Dei neste to skuleåra er det venta at skulen får 18 klassar, før det aukar til 20 dei neste seks åra. I løpet av denne perioden bør tilbygg og ombygging av skulen vere gjennomført, slik at skulen står godt rusta til å ta i mot vidare forventa vekst i siste del av prognoseperioden. Første byggesteg med eit ekstra paviljongbygg var på plass hausten 2017. Det har tre klasserom med tilhøyrande grupperom. Rom og funksjonsprogram for barneskulen var utarbeidd i 2018, og det er forventa oppstart på skulebygget medio 2019.

Skodje ungdomskule har behov for auka skulekapasitet for å møte elevtalsveksten. Det er behov for noko utviding, ombygging og rehabilitering av skulebygget. Behova gjeld i hovudsak generelle læringsareal, elevgarderobar og toalett, - og areal for tilsette. Prosjektet vert kjørt parallelt med barneskulen for å få ein heilskapleg plan skuleområdet. Med god brukarinvolvering ved skulane våren 2018 er det igangsettast strakstiltak. Tiltaka omfattar anlegg for aktivitet i uteområdet ved skulen.

Kommunestyret vedtok i 2018 å leige nytt lokale i Skodje kjøpesenter for i gi ungdommen eit betre aktivitetstilbod. Bygget er oppgradert med innandørs skateboardanlegg, opphaldsrom med kjøkken og nytt sanitæranlegg. Teknisk avdeling har i godt samarbeid med ungdommar og kommunen sin ungdomskontakt, etablert eit flott tilbod for ungdommen.



*Stor fart og entusiasme i nye ungdomsklubblokale*

Oppgradering av SD anlegg og programvare på SOMS til EM system 7 SD-anlegg. Oppgraderingen består av ny automatikk for temperaturstyringer, ny automatiukk for varme- og kjøleanlegg og ny automatikk for ventilasjonsanlegga.

Teknisk avdeling har dette året hatt fokus på kommunereform, arbeid med FDV forvaltningssystem for kommunale bygg , kart på Web og ROS arbeid.

ACOS Eigedom for plan- og delingsaker er teke i bruk, og arbeidet med digitalisering av byggesaksarkiv er igangsett i 2018.

#### Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig. 55: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
5000	Fordelte utgifter eigedomsdrift	10 288 421	10 115 620	172 801
6100	Kommunal teknisk drift	8 975 848	9 089 380	-113 532
	SUM	19 264 269	19 205 000	59 269

**Fig. 56: Konsern – Tekniske tjenester – nøkkeltall (K) etter region, statistikkvariabel og år**

	Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)			Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)			Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)			Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1) (kr)		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
1529 Skodje	2 359	2 637	2 637	2 559	2 563	2 563	2 533	2 772	3 058	389,0	381,0	381,0
EAKUO Landet uten Oslo	2 702	2 759	2 682	3 774	3 894	3 745	3 362	3 453	3 252	441,0	453,0	431,0
EKA15 Møre og Romsdal	2 729	2 652	2 734	3 067	3 121	3 272	3 198	3 174	3 330	447,0	431,0	422,0



**Fig. 57: Sjukefråver 2016 - 2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	2	0,3	2,3
2017	1,6	5,4	7
2018	1,2	5,7	7

Sjukefråveret i teknisk eining har i stor grad vore uendra i 2018.

### 3.12 Sentraladministrasjonen

Til sentraladministrasjonen høyrer rådmannen og hennar leiargruppe, samt kommunen si økonomiavdeling og avdeling for stab-støtte. Økonomiavdelinga vert leia av økonomisjef Lars Kristen Fylling. Stab-støtte vert leia av einingsleiar Solveig Kvamme.

#### **Korleis har eininga bidratt til å nå overordna mål i kommuneplanen (handlingsdel)**

Sentraladministrasjonen arbeider kontinuerlig med å utvikle kommunen, både gjennom støttetjenester for heile organisasjonen og gjennom systematisk arbeid for å utvikle organisasjonen.

Eit hovudområde for sentraladministrasjonen er å hjelpe kvar eining med god økonomistyring. Økonomiavdelinga har gjennom 2018 fortsett det pågåande arbeidet med å bidra til kompetanseheving innan økonomistyring hjå einings- og avdelingsleiarar.

Eit anna hovudområde for sentraladministrasjonen er dokument- og arkivtenesta. I løpet av 2018 har ein kome i mål med å ordne det byggesaksarkivet som var i papir og det er no digitalisert og arkivert hjå Interkommunalt arkiv IKA Møre og Romsdal. No er det enklare å finne fram og få innsyn i dokument frå før kommunen tok i bruk digitalt arkiv i 2014.

Eit anna fokus i 2018 har vore å kvalitetssikre dokumenthandsaminga i alle einingar i kommunen, spesielt med tanke på dokument som inneheld personopplysningar. Dette fokuset kom som ein naturleg respons på at det vart vedteken ny personvernforordning i juli 2018.

Når det gjeld digitalisering så er det no lagt til rette for at politikarane sjølve kan sende inn krav om møtegodtgjering elektronisk, noko som forenkler prosessen administrativt og ikkje minst så gjev det politikarane sjølve oversikt over eige grunnlag.

Mange av dei tilsette i sentraladministrasjonen har gjennom heile 2018 arbeida mykje inn mot ulike prosjekt- og styringsgrupper i nye Ålesund kommune. Alle leiarane i sentraladministrasjonen har hatt sentrale oppgåver og verv i dette arbeidet.

#### Aktuell statistikk og indikatorar for eininga

**Fig. 58: Budsjett – rekneskap 2018**

Ansvar	Eining	Rekneskap	Budsjett	Avvik
1000	Politisk styring	3 286 798	3 937 000	-650 202
1200	Administrasjonssjefen	4 455 287	5 283 226	-827 939
1220	Sentraladministrasjon	3 850 882	3 407 274	443 608
1225	Økonomiavdelinga	3 502 394	4 023 500	-521 106
	SUM	15 095 361	16 651 000	- 1 555 639

Sentral leiing og politisk styring hadde eit mindreforbruk på 1,5 millioner kroner i 2018. Dette kan forklarast med eit mindre tal politiske møter, samt færre tilsette og dermed lågare lønsutgifter i store delar av 2018.

**Fig. 59: Sjukefråver 2016 - 2018**

År	Korttid	Langtid	Samla
2016	2,6	2,2	4,8
2017	1,5	5,9	7,4
2018	4	9,8	13,8

Sjukefråveret i eininga gjekk opp i 2018. Få tilsette bidreg til at utslaga blir store.

### 3.13 Interkommunale samarbeid

Skodje kommune løyser fleire oppgåver i samarbeid med andre. Nokre samarbeid er heimla i kommunelova sine reglar for interkommunalt samarbeid. Andre område er basert på samarbeidsavtalar utan heimel i kommunelova. Skodje kommune inngår også i ulike interkommunale selskap og i Aksjeselskap.

Dei interkommunale tenestene har eigne årsmeldingar og vert ikkje nærare omtala her.